

**Strategisk handlingsplan for skulebiblioteka i
vidaregåande skular i Hordaland
2005-2010**

12.mars 2004

Innhald

Innleiing, visjonar og mål	s. 2
KAP. 1: Skulebiblioteka som pedagogisk ressurs	s. 4
1.1 Læringsmiljø og læringsrammer	s. 4
1.2 Skulebibliotek, læringscenter eller studieverkstad	s. 5
1.3 Personale	s. 6
1.4 Elevane	s. 7
1.5 Den digitale utfordringa	s. 8
KAP. 2: Status og utfordringar i Hordaland	s. 10
2.1 Skulestrukturen	s. 10
2.2 Skulebibliotekprosjektet i Hordaland 1987-1997	s. 10
2.3 Bibliotekpersonale, støttedfunksjonar og faglege nettverk	s. 11
2.4 Brukaropplæring	s. 13
2.5 Nøkkeltal	s. 14
2.6 Spørjeundersøkinga oktober-november 2003	s. 16
2.7 Retningsgivande normer	s. 16
KAP. 3: Strategisk handlingsplan	s. 19
3.1 Strategi 1. Modellar for gode skulebibliotektenester	s. 19
Tiltak 1 Modellbibliotek – Os vidaregåande skule	s. 19
Tiltak 2 Modellar for skulebibliotek i storskulen, ein middels stor skule og ein mindre skule	s. 20
Strategi 2 Rettleiingsoppgåver og faglege nettverk	s. 22
Tiltak 1 Bibliotekkoordinator	s. 22
Tiltak 2 Systemansvarleg for bibliotekdatabasen	s. 22
Tiltak 3 Nettverk og ressurspersonar	s. 22
Strategi 3 Sentrale fellestenester	s. 22
Tiltak 1 Felles server for skulebibliotekdatabasane	s. 23
Tiltak 2 Årsabonnement på kunnskapsdatabasar	s. 23
Tiltak 3 Pedagogisk programvare på felles CD-ROM rack	s. 23
Tiltak 4 Felles nettstad for alle skulebiblioteka i vgs. i Hordaland	s. 23
Tiltak 5 Felles innkjøp og registrering av litteratur	s. 23
Strategi 4 Opptrapping av skulebibliotekarressursen	s. 23
Tiltak 1 Plan for tildeling av nye stillingsressursar over fem år 2005-2010	s. 24
Strategi 5 Samarbeidsmodellar	s. 24
Tiltak 1 Kombinasjonsbibliotek	s. 25
Tiltak 2 Alternative samarbeidsmodellar	s. 26
3.2 Oversikt over tiltak, tidsplan og kostnader	s. 27
Referanseliste	s. 28
Vedlegg:	
1. Planvedtaket	s. 29
2. Spørjeundersøkinga	s. 33
3. Modellar for felles IT-løysingar – notat frå forprosjekt	s. 45
4. Prosjektplan modellbibliotek Os vgs.	s. 53

Innleiing, visjonar og mål

Fylkestinget vedtok i mars 2003 at rådmannen skulle utarbeide ein strategisk handlingsplan for skulebiblioteka i Hordaland. Planarbeidet er forankra i Fylkesplanen 2001-2004, Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005 og Opplæringsplan 1996-2008. Planen skal ta utgangspunkt i ei kartlegging og ein analyse av situasjonen, sju år etter det førre skulebibliotekprosjektet blei avslutta. Mandatet er vidare å etablere eit modellbibliotek som eksempel og inspirasjon, å konkretisere modellar for bibliotek i ulike skulekategoriar i fylket og å sjå på ulike samarbeid mellom skule- og folkebibliotek. Planen skal og vurdere organisering av sentrale, felles støttfunksjonar og viktige aspekt ved lokal organisering på den enkelte skulen.

Ansvar for planarbeidet er delegert til arbeidslaget Kompetansefylket Hordaland og Hordaland fylkesbibliotek. Arbeidsgruppa starta arbeidet med planen i juni og har hatt fire møte. Arbeidsgruppa har vore samansett av:

Jannicke Haugan Larsen, saksordførar, Høgre (til oktober 2003)
Lars Inge Bremnes, saksordførar, Høgre (frå oktober 2003)
Siri Sjursen, rådgivar, Hordaland fylkesbibliotek og Kompetansefylket Hordaland
Hanne Riese, rådgivar, Opplæringsavdelinga og Kompetansefylket Hordaland
Gunda Falao Sparre, rektor, Bjørgvin videregående skole
Svein Ove Duesund, inspektør, Øystese gymnas
Rigmor Kavlie, lektor, Årstad videregående skole
Krassi Rynning, skulebibliotekar, Os vidaregåande skule
Camilla Lothe, elev, Ungdommens fylkesting

Fem frå gruppa tok ein studietur til Stavanger i oktober. Der besøkte dei fleire skular med spennande skulebibliotek. Erfaringar frå Rogaland har vore ein god inspirasjon for planarbeidet. I staden for ei formell referansegruppe, har følgjande fungert som ressurspersonar undervegs i arbeidet: Fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt, Eva Mostraum og Helge Skurtveit, begge konsulentar ved fylkesbiblioteket, Marianne Haaland, leiar for Kompetansefylket Hordaland og Henrik Jansen, systemansvarleg for Mikromarc og lektor ved Langhaugen gymnas.

Hanne Riese har vore sekretær for gruppa og Siri Sjursen har skrive planen.

Visjonar og mål

Det har lenge vore eit sterkt ønskje å få til eit nytt løft for skulebiblioteka i Hordaland, både på skulane som slit med minimale ressursar, og i fylkesadministrasjonen, kanskje særleg hjå fylkesbiblioteket. Sidan 63 lærarar tok vidareutdanning i skulebibliotekkunnskap og skulane som eit resultat av dette, fekk ein fast, årleg sum til skulebibliotekar (1998:kr 63 000), har det ikkje skjedd noka utvikling. I dei åra som har gått, har skulen måtta tilpasse seg nye, store skulereformer, ei auke i elevar med særlege behov og ein digital revolusjon, også kalla eit paradigmeskifte. Med dette som bakteppe og utifrå ei erkjening av at her trengst folk og kompetanse, skal ein ny plan for skulebiblioteka ha høge ambisjonar, men nøkterne mål.

Visjon: *Alle elevar i fylket, uavhengig av skulestorleik og linjeval, skal få moderne bibliotektenester med tilgjengeleg og kvalifisert rettleiing på skulen sin.*

Nettopp dei elevane vi har i dag, skal utvikle evnene sine til å orientere seg i og takle informasjonsvrimmelen. Dei skal utvikle leseevne og leseforståing gjennom møte med eit breitt utval av litteratur. Gjennom skulebiblioteket skal dei lære vegen til andre bibliotek, og slik skaffe seg livsvid kompetanse: naudsynte studievanar og læringsteknikkar for livslang læring.

Mål: *Å auke sentrale og lokale personalressursar til skulebiblioteka i overskudeleg framtid. Utan kvalifiserte skulebibliotekarar i tilstrekkelege stillingar, kan vi ikkje realisere visjonen.*

KAP. 1: Skulebiblioteket som pedagogisk ressurs

1.1 Læringsmiljø og læringsrammer

Å fokusere på skulebiblioteket som pedagogisk ressurs

Reform 94 føreset pedagogiske metodar som set som vilkår ei oppdatert og tilgjengeleg bibliotekteneste. Lærarar og elevar har fått nye roller. Fokus er flytta frå undervisning til læring, frå klasserommet til desentraliserte læringsrom og grupperom, storklasserom og studieceller for individuell fordjuping. På det organisatoriske planet er fokus retta mot blokkdagar, individuelle studietimar, tverrfagleg arbeid, prosjekt- og temabasert arbeid, problembasert metode og differensiert eller individtilpassa undervisning - alle stikkord som gjer biblioteket til eit vesentleg verkty i læringsarbeidet. Informasjonsinnhentingsprosessen er eit mål i seg sjølv – ein prosess som best skjer i dialog mellom elev, lærar og bibliotekar. Synet på skulebiblioteket som ein viktig og naudsynt faktor i kunnskapssamfunnet eller det lærande samfunnet og dermed også i skulen, kan tolkast utifrå biblioteket sin plassering i skulebygget, bemanning, utstyr og aktivitetar med eleven i sentrum og kvalitet i læringsarbeidet. Både fysisk, pedagogisk og organisatorisk tilrettelegging må til for å møte desse ideane. Kvaliteten på skulebiblioteket sine tenester, kan seie mykje om kvaliteten på det pedagogiske arbeidet skulen driv. Skulebiblioteket kan bli ein indikator på skulen si pedagogiske plattform.

Sentrale føringar

Grunnutdanninga skal gi kunnskapar og dugleik for heile livet, som basis for arbeidsliv, samfunnsdeltaking og personleg vekst. Aktuelle pedagogiske strømmar tar omsyn til eit heilskapleg (holistisk) menneskesyn og eit syn på kunnskap som tar eleven på alvor som heilt menneske med egne erfaringar, kjensler og førforståing. Erkjenning av at læring først og fremst skjer ved at eleven konstruerer eigen kunnskap gjennom aktivitetar, kjem til uttrykk ved metodar der eleven får ta ansvar for eiga læring (AFEL), og arbeidsmåtar som tar utgangspunkt i problemløysing, tverrfaglege tema, prosjekt og andre. Alle desse arbeidsmåtane krev sjølvstendige elevar med evne til samarbeid, gode basiskunnskapar og ikkje minst sjølvtilitt og motivasjon.

Skulebiblioteket i grunnskulen og vidaregåande opplæring er ein del av skulen si verksemd og skal vere eit verkemiddel for å nå generelle opplæringsmål. Skulebiblioteket skal bidra til å styrkje elevane sin læringssituasjon og stimulere til oppleving og personleg vekst. Samstundes skal skulebiblioteket vere ein reiskap for skulen i planlegging og forbetring av opplæringa.

*”Skulebiblioteket skal ha ein sentral plass i opplærings og tene som senter for kulturell verksemd, for informasjon og materiell. Det skal stimulere til eigeninnsats og fremje gode arbeidsvanar. Skulebiblioteket skal fremje leseglede, stimulere til fritidslesing og fagleg fordjuping., og vere ein stad der elevane aktivt kan lære å søkje informasjon gjennom ulike kjelder.
(L97 s.78, L97 s. 82.)*

Den sentrale rolla skulebiblioteket er tiltenkt, er ein naturleg følgje av det syn på utdanning, læring og undervisning som læreplanane byggjer på. Elevane skal bli aktivt skapande og utvikle evne til undring, til å stille nye spørsmål og til kritisk kjeldegransking. Læreplanane legg vekt på tema- og prosjektarbeid og opplæring i bruk av vitenskapleg arbeidsmåte. Samstundes skal opplæringa gi rom for sjølvstendig arbeid og fordjuping i fag og kunnskapsområde. Læraren si rolle som tilretteleggjar, inspirator og rettleiar blir framheva, klasseromet blir sett på som ein av fleire læringsarenaer, og læreboka blir ei av mange kjelder til kunnskap. For elevane er skulebiblioteket meint å vere ein alternativ læringsarena på tvers av klassetilhøyring med tilbod om aktuelle kjelder, moderne utstyr, funksjonelle lokale, opplæring og rettleiing. Ein kan også sjå på skulebiblioteket som ei stolpe som går gjennom alle utdanningsnivåa i eit livslangt læringsperspektiv. Samstundes er det leddet som kan gjere det mogleg å binde saman den teoretiske læreplandelen med dei praktiske arbeidsmåtane.

Skulebiblioteket i opplæringslova

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæring (opplæringslova) frå 1999 har følgjande lovtekst om skulebiblioteka i § 9-2 andre lekken:

”Elevene skal ha tilgang til skulebibliotek. Departementet kan gi nærmere forskrifter.”

I forskrift til opplæringslova, kapittel 21:”Nærmare om tilgang til skulebibliotek” står det:

”§21-1 Tilgang til skulebibliotek. Skolen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengelege for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæring på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.”

Kompetansereforma har gitt vaksne utan vidaregåande utdanning tilbod om slik opplæring. Dette stiller krav til opplæringssektoren og til arbeidstakarane, og er eit verkemiddel for å hente ut arbeidstakarane sitt potensiale. Eit lærande samfunn tyder vedvarande opplæring til alle gjennom heile livet, og knyt seg til endringar i arbeidslivet i samband med strukturendringar, automatisering og effektivisering, samt påverknad frå den store verda (globalisering/demografi). Medan generasjonane før kunne bu seg på å stå i same jobb og same fagområdet gjennom heile yrkeslivet, må dei som er i aktivt arbeid så vel som dei som er under utdanning, bu seg på å skifte jobb fleire gongar gjennom livet og å endre eller utvikle sin eigen kompetanse i tråd med dette bilde. Til dette trengs motivasjon, endringsmot og læringsvilje på det individuelle plan, tilrettelegging av læringsmiljø og undervisning på det fysiske, organisatoriske og pedagogiske plan. Kvalitetsreformene i utdanningssektoren dreier seg langt på veg om dei same utfordringane.

1.2 Skulebibliotek, læringsssenter eller studieverkstad

På 1980-talet var det mange skular som slo saman det tradisjonelle skulebiblioteket og eit mediatek i vekst med utvikling av nye AV-media. Resultatet blei ofte at biblioteket blei slukt av mediateket. Parallelt med dette arbeidde skulebibliotekorganisasjonane (Skulebibliotekarforeningen, Norsk bibliotekforening si Spesialgruppe for skulebibliotek), Kirke- og utdanningsdepartementet og Statens bibliotektilsyn med eit nytt skulebibliotekomgrep og kva for innhold og funksjonar det måtte ha for å tilfredsstille nye pedagogiske krav. Resultatet blei at skulebiblioteket skulle femne om alt informasjonsberande materiale: litteratur, realia, eigenproduserte læremiddel, AV-media, etterkvart elektroniske læremiddel og lærarbiblioteket. Dei sentrale dokumenta som var bestemmande i denne samanhengen, brukte termen skulebibliotek. Om skulane valde den eine eller den andre nemninga, var opp til kvar enkelt skule.

I kjølvatnet av dei store skule- og utdanningsreformene på 1990-talet, har synet på ei utvida forståing av skulebiblioteket sitt innhald og funksjonar blitt styrka. Samstundes har tydinga av tilgang til gode bibliotektenester gjennom heile utdanningslauget vore fronta så vel innan bibliotek- som skulesektoren. På Høgskolen i Oslo har dei nyleg drøfta om biblioteket bør skifte namn til læringsssenter. Kvalitetsreformene for skuleverket og universitet og høgskolar, R94 og R97 legg stor vekt på elevane/studentane sin eigenaktivitet og tett oppfølging av rettleiar. Tilrettelegging av studieverksteder, der eleven/studenten kan gjere bruk av alle slags kjelder og hjelpemiddel, aleine, i samhandling med medelevar/medstudentar eller med rettleiar, er viktige føresetnader for nye læringsmål. Programmet for livslang læring føreset opne læringsssenter med utoverretta verksemd og ei rolle som sentralt kompetansemiljø i lokalsamfunnet. Kompetansereforma vil mellom anna seie at vidaregåande skule skal tilby sin undervisningskompetanse og sine læringsressursar til andre elevgrupper enn dei mellom 16 og 18 år. Termen læringsssenter heng saman med desse sentrale føringane i reformprogramma, og femner om heile skolen. Det blir difor feil å bruke denne nemninga på skulebiblioteket. Men skulebiblioteket

har ein viktig funksjon som eit læringscenter og ein studieverkstad i seg sjølv og skal spele ei sentral rolle i det læringscenteret skulen samla utgjer.

Studieverkstad er ikkje eit nytt omgrep. Lesesalar, grupperom, studieceller og arbeidsrom med spesialutstyr dekkjer langt det same innhaldet. Det som er nytt, er dei digitale og virtuelle hjelpemidla som skal vere tilgjengelege så og seie alle stader, der studieverksemd går føre seg. Desse hjelpemidla har ein naturleg plass i biblioteket, saman med informasjon og litteratur i papirutgåver. Slik sett er biblioteket ein ekte studieverkstad. Termen blir likevel for snever å bruke om alle sidene ved biblioteket sine tenester. Skulebibliotek er framleis ei god og dekkjande nemning for gamle og nye bibliotektenester og –funksjonar, eit omgrep som har tradisjonar og som gir assosiasjonar til det utvida klasserommet, læringscenter, studieverkstad, kulturaktivitetar og frirom, og ikkje minst ein sosial og kulturell møteplass.

1.3 Personale

Skulebibliotekaren

Tar vi for oss skulebibliotekaren, er det naturleg å sjå på kva for funksjonar, oppgåver og ansvar denne skal og bør kunne utføre, og kva for kompetanse som trengst for å fylle desse krava. Vil ein fagutdanna bibliotekar vere den rette, eller vil skulen få meir ut av å tilsette ein lærar i skulebibliotekarfunksjonen?

Den fagutdanna bibliotekaren har kompetanse på følgjande område:

- Organisering, systematisering og registrering av alle slags informasjonsberande materiale: Bøker, tidsskrift, småskrift, AV-media, fysiske læremiddel av alle slag.
- Nasjonalt og internasjonalt biblioteknettverk.
- Samlingsutvikling (brei litteraturkunnskap) og tilrettelegging av brukarretta bibliotektenester tilpassa oppdragsgivar/bibliotekeigar sine ønskje og behov.
- IKT-kompetanse – ekspert på gjenfinning, sortering og utveljing av informasjon på Internettet, kunnskapsdatabasar, fulltekstdatabasar, søkemaskinar og bibliotekdatabasar.
- Presentasjon og formidling gjennom utstillingar, brukaropplæring i grupper eller ein til ein, og (mange har og) ofte kompetanse innan web-design og web-redigering.
- Opplæring og rettleiing innan bibliotek- og Internett-metodikk
- Ein profesjonsetikk som inneber objektivitet, toleranse og vern av yringsfridomen. Bibliotekaren som profesjonsutøvar vil leggje vinn på å finne og oppfylle brukaren sine ønskje og behov for litteratur, informasjon og kunnskap.
- Mange bibliotekarar har tilleggsfag frå universitet eller høgskule.

Læraren har kompetanse innan:

- Skulefag, fagdidaktikk og pedagogiske arbeidsmåtar.
- Ekspert på eleven, kunnskapsoverføring og læringsmetodikk.
- Skuleorganisasjonen.
- Etter Reform 94 skal lærarane samarbeide på tvers av faggrensar og i team, mellom anna for å tilpasse undervisninga til elevane sine personlege behov.
- Gjennom den daglege samhandlinga med eleven, får læraren eit godt innsyn i eleven si læring og utvikling.
- Nye læringsmåtar krev at læraren legg meir vekt på si rolle som tilretteleggjar og rettleiar for eleven sitt eige læringsarbeid.
- Nye digitale verktøy krev etterutdanning. Fleire og fleire lærarar har etterkvart god IKT-kompetanse, til dømes for å kunne undervise i ulike PC-program og PC-verkty, men og i generell bruk av Internettet (siste nytt: "It's learning").

- Ein del ”lærabibliotekarar” har vidareutdanning i skulebibliotekverksemd.

Kompetanse i forhold til funksjonar og oppgåver.

Skulebibliotekaren må ha basiskompetanse i bibliotekfag tilsvarande dei fire første punkta under bibliotekaren sin kompetanse. Ho må beherske praktisk-pedagogiske arbeidsmåtar i rolla som rettleiar og formidlar for elevar med ulike behov og i samarbeid med lærar. Evne til samarbeid og sosial interaksjon er naudsynte eigenskapar. Det er viktig at den som arbeider i skulebiblioteket kan tileigne seg kunnskap om skulen sin organisering og oppdrag for å tilrettesleggje bibliotektenestene, inkludert nettbaserte tenester. For å utvikle skulebiblioteket i samband med nye læringsmåtar, prosjektarbeid, studieverkstad, virtuelle kjelder, e-learning m.m., må skulebibliotekaren ha tilstrekkeleg tid, funksjonelle rom, oppdatert utstyr og budsjett.

Det kan opplevast som eit dilemma for ”lærabibliotekaren” at hovudfokus og identifikasjon er knytt til undervisningsarbeidet. Ho kjem stadig i tidsklemma mellom dei to rollene. For elevane kan det vere eit dilemma å forholde seg til læraren i biblioteksituasjonen. Elevane har behov for ein nøytral person som har meir avstand til prestasjonar og læringsarbeid.

Lokal organisering

Å inkludere bibliotekaren i det pedagogiske arbeidet i alle samanhengar der planlegging av lærings- og studieverksemd står på dagsorden, er like viktig som fysiske føresetnader. Det kan vere like vanskeleg for ein lærar som for ein bibliotekar å fremje skulebiblioteket i pedagogisk utviklingsarbeid. For å leggje til rette for eit fruktbart samarbeid mellom pedagogisk personale og bibliotekaren, treng ein å klargjere rollene og finne eit felles handlingsrom. Det er avgjerande å formalisere skulebibliotekaren si rolle og status i skuleorganisasjonen gjennom stillingsnemning og stillingsinstruks. Skulebibliotekaren bør sjåast på som ein pedagogisk stabsfunksjon og skal sikrast ein sentral plass i læringsarbeidet. Der skulebiblioteket har fleire skulebibliotekarar, skal berre ein vere leiar av biblioteket.

Konklusjon:

Både lærarar med etterutdanning i bibliotekfag og fagutdanna bibliotekarar vil kunne fylla alle funksjonane for skulebibliotekaren med litt ulike tyngdepunkt. Ein fagutdanna bibliotekar vil tilføre skulen ny kompetanse til beste for læringsarbeidet både blant elevane og lærarane. Det som er avgjerande og det viktigaste vi kan peike på for å sikre best mogleg kvalitet i bibliotektenestene, er tilstrekkelege stillingsressursar. For å lukkast i arbeidet som skulebibliotekar må funksjonar og rolle avklarast og formaliserast.

1.4 Elevane

Den vidaregåande skulen femner alle såkalla ”vanlege” 16-18 åringar, så vel som unge med eit anna morsmål enn norsk. Etter Kompetansereforma får vaksne elevar vurdert realkompetansen sin ved utvalde skular som har etablert realkompetansesenter. Deretter får dei tilbod om opplæring ved ein vidaregåande skule som har dei aktuelle linjene.

Dagens unge er aktive deltakarar på fleire arenaer. Fleirtalet av dei er vane med høgt tempo og raske sceneskift, og er i stand til å takle mange inntrykk samstundes. Mange har gode teknologiske ferdigheitar og gode engelskkunnskapar. Slik har dei skaffa seg oversikt og fått stor breidde i kunnskapane sine. Døra til det globale samfunnet er open for desse. Dei er vane med at vener berre er eit tastetrykk unna. Dei veit godt at dei har mykje å velje i, og dei er medvitne om eigne rettar, både som elevar og som einskildpersonar. Mange av dei er såleis gode forhandlarar, og dei har ofte stor tru på seg sjølve og eiga framtid. I motsett ende finn vi dei som ikkje veit opp og ned på ein PC, som er usikre i forhold til val av linjer og fag, og som slett ikkje veit kva dei skal gjere i framtida.

Som alle andre, står dei unge overfor ein krevjande kvardag. Mange skal tilpasse seg endringar i familiestrukturen og har opplevd å flytte fleire gonger. Samfunnet fløymer over av informasjon dei skal ta stilling til, og dei vert stadig stilte overfor vanskelege val. I skulesamanheng vert det forventa at dei er sjølvstendige nok til å ta ansvar for eiga læring. Dei veit at det trengst gode karakterar for å henge med i utdanningskarusellen og få seg jobb i ein pressa arbeidsmarknad.

Kvardagen er ikkje nødvendigvis lett å meistre for alle unge. Mange er prega av at dei lever eit oppjaga liv, dregne mellom mange ulike aktivitetar og personar. Kontakten med desse vert flyktig, og det vert vanskeleg å finne personlege sosiale roller. Ein kan kjenne seg sårbar, framandgjort og veit ikkje kvar ein høyrer til. Mange sikrar seg ved å ta ei tilskodarhaldning og vegrar seg for å gå inn i større heilskapar. Ein del elevar lid under mangel på vaksenkontakt, er ukonsentrerte og får psykiske problem. Nokre opplever eit kontaktpress. Mobiltelefon, e-post og snakkeprogram er tidstjuvar i vår tid.

På skulen opplever mange at dei ikkje heilt meistarar og har dei positive dugleikane. Gapet vert stort mellom desse og dei som kan. Kunnskapen dei tileignar seg, er ofte overflatisk og/eller fragmentarisk. Informasjonsmengda vert for stor, og mange greier ikkje å skilje mellom vesentleg og uvesentleg kunnskap. Hos mange er basisdugleikane dårlege (Jf. OECD sin rapport om leseferdigheit), og dette gjer dei dårleg rusta til å sortere informasjon.

Skulebiblioteket kan bidra til:

- å fremje elevaktive og differensierte arbeidsformer (betre tilpassa opplæring)
- å ta vare på den enkelte eleven
- å lære alle elevar gode basisdugleikar i læringsmetodar/studieteknikk
- å leggje til rette for ansvar for eiga læring
- å øve opp evna til å velje informasjon, forstå og tolke (opplæring i bruk av Internett og kjeldekritikk)
- å utvikle sjølvinnsikt, personleg tryggleik og vekst gjennom lesetrening og lesestimulering (Gi rom for lesing!)
- sosial trening, nøytral møteplass (også fleirkulturell møteplass)
- møte med andre, vaksne rettleiarar på nøytral grunn
- å gi høve til konsentrert, roleg arbeid

1.5 Den digitale utfordringa

Moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi har ført til store endringar på alle nivå i heile samfunnet. Samfunnsforskarar kallar det eit paradigmeskifte med nye måtar å tenkje på og nye måtar å løyse problem på. Det globale perspektivet inneber at alle menneske får ta del i informasjon og nyhende frå heile verda, og lar seg påverke av dette på godt og vondt. Gjennom bruk av elektronisk post, SMS-meldingar og chatting på Internett, kan ein kvar halde kontakt med folk på andre sida av jorda, om så er ønskjeleg. I førre avsnittet peika vi på at mange elevar er kløpparar i å bruke desse hjelpemidla. Dei er generelt flinke til å ta til seg den nye teknologien, og har lett for å kommunisere med eit skjermbilete. Det er likevel ikkje alle ungdomar som har tilgang til PC, Internett eller mobiltelefon, verken heime eller på skulen. Mange fell på sida av dei nye media, fordi desse i utgangspunktet ikkje er laga for folk med læreveskar. Vi veit og at om ein elev meistarar verktøyet, er det ikkje sjølvstendig at han er like dyktig når det gjeld innhald og kvalitet på informasjonen han finn. For skulen inneber den digitale utfordringa mange og dels kompliserte sider, pedagogiske så vel som ressursmessige.

I eit pedagogisk perspektiv dreier det seg om fleire dilemma, mellom form og innhald, mellom kateterundervisning og undersøkjande læring og mellom informasjon og kunnskap. Alle er vel kjende didaktiske problemstillingar som får nye dimensjonar i forhold til informasjonskompetanse og bibliotektenester. For å skape mening må innhald og forståing integrerast i form og metode. Ulike fag

krev ulike læringsmetodar. Dei nye, elevaktive metodane krev eit breitt tilfang av kjelder, ikkje minst digitale. Det velutrusta biblioteket med bibliotekaren som støttespelar og rettleiar, byggjer på biblioteket som ein pedagogisk ide for undersøkjande læring og gjer det til ein indikator på skulen si pedagogiske plattform. Moderne brukaropplæring i informasjonsinnhenting, sortering og kjeldegransking er ei vidareføring av tradisjonell bibliotekopplæring med utgangspunkt i bøker, Dewey og kortkatalogen. Dersom bibliotekbruk skal føre til betre resultat (karakterar), må søkje- og arbeidsgangen også evaluerast, ei oppgåve som ligg i skjeringsfeltet mellom bibliotekar og lærar.

Å undervise i informasjonsmetodikk dreier seg om å tette gapet mellom gitt informasjon og den kunnskapen ein skal hente ut, å transformere informasjon til kunnskap og å aktivisere potensiell kunnskap hos eleven. Når eleven skal arbeide sjølvstendig, må han lære metodane, men må og kunne knekke kodane, det vil seie eige naudsynt lesekompetanse. Lesopedagogar snakkar om den andre leseopplæringa, der målet for lesinga er læring og bruk av ny kunnskap. Slik lesekompetanse utviklar seg gjennom lesetrening. Dette er ei viktig årsak til undervisningsminister Kristin Clemet sitt tiltak: Gi rom for lesing. I vidaregåande skule er det ei viktig oppgåve for biblioteket å syte for breidde i litteraturtilbodet og formidling tilpassa elevane sine ulike nivå og behov.

Elisabeth Rafste (høgskolelektor v/HIA) seier at informasjonskompetanse er nøkkelen til livslang, profesjonell framgang og at denne erkjenninga må gjennomsyre all pedagogisk aktivitet - til dømes ved å nedteikne "faget" i måldokument for verksemda og i undervisningsplanar. Slik kompetanse er ein grunnpilar i arbeidet med å utvikle livslang, livsvid og livsdjup læring. Dersom didaktikken og læringsmiljøet skal byggje opp om mål, undervisnings- og læringsmetodar, må det få konsekvensar for skulebiblioteket. (Førelasing på seminaret Den kvalifiserte informasjonssøkaren 22.-24.10.03.)

Agneta Lantz (bibliotekdirektør v/Universitet i Linkøping) skildrar ein informasjonskompetent person som ein som har ein informasjonsstil, har kunnskapar om informasjonsverda, kan søkje og bruke informasjon, er kritisk overfor informasjonskjelder, kan vurdere informasjonsverdien og er engasjert i eiga, sjølvstyrt læring. (Førelasing på seminaret Den kvalifiserte informasjonssøkaren 22.-24.10.03.)

PC-parken på skulane aukar stadig (I 2003 hadde vgs. i Hordaland 1 PC per 4 elevar), likeeins mengda av ymse programvare, så vel som endringar i teknologi. Systemansvarleg på den enkelte skule har ikkje per i dag på langt nær tid eller ressursar til naudsynt vedlikehald. Biblioteksystemet krev ekstra kompetanse og er svært sårbart for samanbrot eller endringar i det lokale nettverket. Dette kan i verste fall føre til at bibliotekdatabasen over lengre tid berre er tilgjengeleg på biblioteket si eine maskin. Dersom biblioteket skal involverast i undervisning, for grupper og gjennom individuell rettleiing, må ein syte for tilstrekkeleg med stasjonære PC-arbeidsplassar i og i nærleiken av bibliotekrommet, og bibliotekdatabasen må vere tilgjengeleg i heile skulebygget. Dette kan vere eit ressurs spørsmål, men og tekniske og organisatoriske utfordringar.

KAP. 2: Status og utfordringar i Hordaland

2.1 Skulestrukturen

Hordaland er det største skulefylket i landet med 46 skular i skuleåret 2003-2004, nær 16 000 elevar og meir enn 2 500 lærarar. Her er stor variasjon i storleik og tilbod, frå 40 til meir enn 1400 elevar, frå skular med spesialiserte linjer, som Fiskarfagskulen i Austevoll og Gartnarskulen i Ulvik, til storskular med yrkesfag og ålmennefag. Etter kvart får vi mange yrkesfaglege skular som også tilbyr studiekompetansefag.

Det siste året er fleire mindre og større skular slått saman til storskular, noko som vil få konsekvensar for skulebibliotektenestene. Også skular som ligg langt frå kvarandre geografisk, har fått eller kan få felles administrasjon, til dømes Fjell vidaregåande skule og den nye avdelinga på Sund. Dei avdelingane som ligg langt frå kvarandre, må ha kvart sitt fysiske skulebibliotek med eigen skulebibliotekarressurs, samlingar og tenester tilpassa skulen sin storleik og tilbod.

Mange skular ligg usentralt til. Ikkje alle kommunar har vidaregåande skular. Nokre kommunar har mange, som Bergen med 21 skular, Voss med fem fordelt på sju undervisningsstader, Kvam har tre, Stord og Bømlo har to, medan dei fleste har ein. Mange elevar må bu på hybel for å gå på den linja dei ønskjer, og nokre skular har difor internat. Særleg desse gruppene vil ha nytte av utvida opningstider på skulebiblioteket.

Geografi og lokalisering påverkar om elevane har lett eller vanskeleg tilgang til folkebiblioteket i kommunen. Berre få skular har gangavstand mellom skulen og folkebiblioteket. I Bergen har Bergen offentlege bibliotek så stort press på samlingar og personale, at spesiell tilrettelegging for skulane ikkje er mogleg i dag. Sjølv om desse skulane har kort avstand til folkebiblioteket, og elevane får god sørvis som individuelle lånarar, kan dei likevel ikkje la eigne skulebibliotek liggje nede. Mange andre folkebibliotek har knapt med bemanning og mange oppgåver. For å utvikle eit samarbeid, der folkebiblioteket skal tilpasse sine tenester til skulen i bygda, må skulen bu seg på å leggje inn ressursar.

Utfordringar:

- å tenkje heilskapleg når behovet for funksjonelle læringsareal skal planleggjast og formast, samtidig som ein tek omsyn til skulebiblioteket sine spesielle rombehov
- å ansvarleggjere og bevisstgjere skuleeigar og skuleleiing for skulebiblioteket som naudsynt verkemiddel for å nå skulen sine mål
- å utvikle skulebiblioteket i den nye utoverretta skulen i Hordaland, der skulen som læringssenter i lokalmiljøet er ein berande idé.
- å styrkje skulebiblioteka som læringssenter og studieverkstad, slik at alle elevar i fylket får like moglegheiter
- å tilpasse skulebibliotektenestene til skulen sine behov etter storleik, linjefag, elevgrupper (vaksne elevar, elevar med spesielle behov, elevar som ikkje bur heime) og lokalisering.
- å finne gode løysingar for samarbeid med det lokale folkebiblioteket der dette høver, og å formalisere dette.

2.2 Skulebibliotekprosjektet i Hordaland 1987-1997

I 1986-87 gjennomførte fylkesskulesjefen i samarbeid med Hordaland fylkesbibliotek ei undersøking av korleis stoda i skulebiblioteka var. Resultata var heller dårlege, både med omsyn til biblioteklokale, samlingar, registrering, utlån og bemanning. For å få til ei betring innan stramme økonomiske rammer, blei partane einige om å satse på utdanning av bibliotekpersonalet/samlingsstyrarane og konkret oppbygging av skulebiblioteket på kvar skule. I samarbeid med Stord lærarhøgskule, blei det organisert

kompetansegivande 5-vekttskurs i skulebibliotekararbeid. Fire bolkar med i alt 63 lærarar gjennomførte kurset i perioden 1991-97. Skulebibliotekarressursen var til å begynne med tilsvarande samlingsstyrarressursen (10%) som etterkvart blei auka til 20%. Frå 1998 fekk skulane overført kr 63 000 per skule per år, og i tillegg la skulane inn ressursar av eigne rammer. Problemet med ein fast sum er at tidsressursen skrumpar inn i takt med lønsauken for lærarane.

Samstundes med desse aktivitetane blei det oppretta 20% ressurs til ein konsulent/koordinator. Ho skulle bistå med råd og rettleiing til skulebibliotekarane og vere eit bindeledd mellom skulebiblioteka og fylkesbiblioteket. Ho har og samordna arbeidet med skulebibliotekstatistikken. I 1997 leverte ho ein rapport om skulebibliotekprosjektet i Hordaland 1987-1997 med ei vurdering basert på skriftlege og munnlege rapportar frå dei involverte partane. Under følgjer konklusjon/oppsummering:

”Ser ein på dei fem punkta (måla for prosjektet) samla, må ein vel kunne seia at prosjektet har ført til mykje positivt for biblioteka ved dei vidaregåande skulane i Hordaland. At ikkje alle skulane har nådd like langt, har ulike årsaker:

- utgangspunkta var svært forskjellige ved dei ulike skulane
- dei ulike skulane kom inn i prosjektet til ulikt tidspunkt
- ikkje alle skulane har prioritert biblioteket like sterkt
- av ulike årsaker har bibliotekansvarleg slutta i jobben på nokre av skulane.

Men nesten alle skulane har nådd målet om å få eit eige bibliotek som ikkje skal nyttast som klasserom eller til andre formål. Og av dei fleste av dei som enno ikkje har det, ligg det føre konkrete planar om utbygging/etablering, fleire av desse er i gang med bygging allereie. Også for fleire som har eigne lokale, men for små, ligg det føre planar til utviding/nybygging.

Det største problemet i framtida vert nok ikkje lokale og ytre utstyr, men korleis få skulebiblioteka rundt om til å fungera slik ein ønskjer. Blir det løyvd nok midlar til bøker og anna materiell? Korleis få heile skulesamfunnet til å føla at biblioteket er alles ansvar og eigedom, og at ”utan biblioteket stoppar skulen”?”

Rapporten avsluttar med kva for planar ein hadde tenkt for å kome vidare:

*”Målet i første omgang er at stillingsprosenten skal fordoblast...
...Hordaland fylke vil halda fram med å satsa på å utdanna pedagogar som skulebibliotekarar, og gjera deira arbeidssituasjon så god at dei ønskjer å halda fram i arbeidet, og at det arbeidet dei gjer vert til god nok hjelp for den enkelte skulen.”*

Hovudkonklusjonen var at det ikkje kan bli ei vidare utvikling av skulebiblioteka utan monaleg auke i personalressursane. Rapporten seier og klart at det er eit sterkt ønskje om å etablere eit fagleg forum for skulebibliotekarane, og at ein koordinator er viktig. Prosjektet blei vellukka på fleire punkt. Gjennom opplæring, informasjon og gode eksempel (studieturar til og gjesteforelesarar frå Storbritannia) blei skulane meir medvetne og engasjerte i skulebiblioteket si rolle i den moderne skulen.

2.3 Bibliotekpersonale, støttefunksjonar og faglege nettverk

Skulebibliotekarressursen

Hovudkonklusjonen i skulebibliotekrapporten var at det ikkje kan bli ei vidare utvikling av skulebiblioteka utan monaleg auke i personalressursane. På nokre skular kan det vere ei god løysing å auke ressursen til den læraren som fungerer som skulebibliotekar, innan rimelege rammer. Problemet er at dei fleste har hovudinteressene knytt til faga sine og til undervisning, og kjem i eit dilemma dersom dei skal redusere lærartimane endå meir. I tillegg meiner dei fleste at dei treng meir kompetanse innan

bibliotekfag. Eit tredje dilemma er om det vil vere mogleg å rekruttere så mange fagutdanna bibliotekarar som vidaregåande skular i Hordaland treng.

I avsnittet om personale (1.3) blir det peika på at skulebibliotekaren treng både bibliotekfagleg og pedagogisk kompetanse, og at lærar og bibliotekar (fagutdanna) vil kunne utfylle og hjelpe kvarandre på område som er felles: Å finne felles handlingsrom og utvikle gode samarbeidsrutinar, samt brukaropplæring i eit informasjonsperspektiv.

Nytt bibliotekstudium

Høgskolen i Oslo, avdeling for journalistikk, bibliotek og informasjonsstudier utdannar bibliotekarar. Det er ei tre-åring høgskuleutdanning med mastergrads påbygging. Universitetet i Tromsø har tilbod om grunnfag i bibliotekfag og eit fullt utbygt studium i dokumentasjonsvitskap. Andre høgskular har også tilbod om delstudium i enkelte bibliotekfag, til dømes skulebibliotekkunnskap ved Høgskolen i Agder. Samla kapasitet på utdanning i bibliotekfag, greier ikkje å fylle opp behovet for bibliotekarar. Særleg utanfor Oslo-regionen har det vist seg vanskeleg å rekruttere fagfolk, også på Vestlandet.

Med tanke på rekruttering til folkebiblioteka i fylket, 12 kommunar har ikkje bibliotekfagleg utdanna personale, og til bibliotekarstillingar i skulebiblioteka, har Hordaland fylkesbibliotek arbeidd for å etablere eit tilbod i Bergen. Arbeidet resulterte i eit nytt studium ved Høgskolen i Bergen avdeling for lærerutdanning: BDI-studiet (Bibliotek, dokumentasjon og informasjon) med start hausten 2002. Studiet er organisert som deltidstudium, slik at lærarar som arbeider som skulebibliotekarar (og andre), og som ønskjer å byggje vidare på den kunnskapen dei har, kan ta utdanninga over tid ved sida av jobb. Studiet er modulbasert, og har planlagt fire modular: Barn, ungdom og media, Bibliotek, informasjon og samfunn, Bibliotek som læringsarena og Kunnskapsorganisering og formidling.. Det er meininga at studiet etter kvart skal bli fullt utbygt med mastergrad. Til no er det 77 studentar som har deltatt på tre av modulane.

Skulebibliotekkoordinatoren

Over ein 10-års periode har det vore sett av ressursar tilsvarande ei 20% stilling som skulebibliotekksulent/skulebibliotekkoordinator, knytt til Opplæringsavdelinga. Ho spelte ei sentral rolle i grunnopplæringa av lærarane i bibliotekfag, og arrangerte vidare nettverkssamlingar med aktuelle tema eit par gongar i året og kortare kurstilbod etter ønskje. Ho har fungert som rådgivar på bibliotekfaglege område for dei andre skulebibliotekarane i fylket og har hatt ansvaret for samordning og rapportering av skulebibliotekstatistikken for Hordaland. Ho har og fungert som bindeledd mellom skulebiblioteka og fagmiljøet på Hordaland fylkesbibliotek.

Sidan 2001 har delar av koordinatorfunksjonen vore utført av fylkesbiblioteket, til dømes statistikkrapporteringa.

Med meir tid vil koordinatoren kunne støtte skulane i utviklinga av bibliotektenestene. Arbeidet med å finne felles løysingar for innkjøp av utstyr, programvare og litteratur, abonnement på databasar og CD-ROM, vil kunne gi økonomisk vinst. Slik vil ein og kunne hjelpe til å sikre innhald og kvalitet på alle skulebiblioteka. Koordinatoren kan og vere tilgjengeleg for å gi bibliotekundervisning til elevar og lærarar på dei skulane som ikkje har ressursar til dette sjølve, anten på staden eller gjennom å utvikle virtuelle tilbod. Ein kan tenkje seg at koordinatoren tek del i utviklinga av bibliotekrelaterte tenester på skuleveven, knytt til It's learning og Skoleportalen. Med breiband er der mange uprøvde moglegheiter.

Blant skulebibliotekarane er det stor semje om at koordinatoren sitt arbeid har vore naudsynt og verdifullt, særleg fordi kvardagen ofte opplevast som ein einsam post for den enkelte skulebibliotekaren. Det er og semje om at det framleis vil vere behov for ein person som kan gjere endå meir for nettverket, gi råd og rettleiing og bruke meir tid på felles tenester og den enkelte skulen. Sjølv med 50-100% bibliotekarressursar på skulane vil det vere behov for ei koordinatorsteneste.

Systemansvarleg for skulebiblioteka

I tillegg til koordinator på bibliotekfaglege område, har skulebiblioteka hatt god hjelp av ein systemansvarleg for biblioteksystemet Mikromarc, dei siste åra i 30 % stilling. Med den spesialkompetansen han har bygt opp, har han vore ein svært viktig ressurs og støttespelar for skulebibliotekarane. Med nærare 50 skular, har det likevel vore vanskeleg å følgje opp alle skulane sine behov. Det er ei gjennomgåande oppfatning blant skulebibliotekarane at dei er avhengige av ein ”ekspert” som kan hjelpe når teknikken skjer seg. Så lenge skulane ikkje har gode nok ressursar for skulen sin lokale/eigen systemansvarlege, vil det vere behov for denne ekspertressursen. Sjølv om situasjonen kan bli noko annleis dersom vi får ei felles vertsmaskin for skulebiblioteka i Fylkeshuset, vil det vere behov for ein Mikromarc-ekspert.

Faglege nettverk

Erfaringar frå andre fylke viser at så snart ein opprettar fulle stillingar, verkar bibliotekarane som ressurspersonar, både i eit fagleg nettverk, og ikkje minst når det gjeld å utvikle tenestene vidare. For å utnytte dette potensiale, må tilhøva leggjast til rette for større samarbeid skulane i mellom gjennom gode samarbeids- og utvekslingsrutinar. I Hordaland kan det vere aktuelt å organisere mindre, regionale nettverk i tillegg til eit større, felles fagleg forum.

Utfordringar::

- å sikre alle vidaregåande skular i Hordaland tilstrekkelege bibliotekarressursar og bibliotekkompetanse
- å byggje på og ta vare på dei ressursane og gode erfaringane skulane har i dag
- å supplere med fagutdanna bibliotekarar i tillegg til lærarressursen
- kompetanseutvikling, både for lærarar og fagutdanna bibliotekarar
- å involvere bibliotekaren i planlegging og gjennomføring av læringsarbeidet (bibliotekaren som støtte for lærar)
- å styrkje bibliotekfagleg rettleiingsteneste og støttedfunksjonar
- å organisere samarbeid og bibliotekfaglege nettverk for skulebibliotektenestene med særleg tanke på dei minste skulane
- å finne gode løysingar for systemansvar og drifting av MM2

2.4 Brukaropplæring

I statistikkrapporten svarar dei aller fleste skulane ja på spørsmålet om dei har brukaropplæring på skulebiblioteket. Det gjeld først og fremst grunnkursklasser, og nokre har tilbod til VK1 og VK2. Enkelte gir også tilleggsinformasjon om skulebiblioteket som tema på planleggings dagar. Viljen til å informere og sette fokus på skulebiblioteket som metode, er til stades, medan det er for lite av tid, organisering og metodikk. Brukaropplæringa blir sporadisk og tradisjonell. Det er også behov for å utvikle tilbod om brukaropplæring for det pedagogiske personalet, slik at lærarane blir gode pådrivarar for elevane sin bibliotekbruk. Eit av tiltaka i modellbibliotekprosjektet (Vedlegg 4) er nettopp å sette brukaropplæringa i system og å prøve ut metodar for å evaluere søkestrategiar og bruk av ulike informasjonskjelder.

Det finst mange gode eksempel på korleis skulen kan systematisere brukaropplæringa. I bibliotekopplæringa av lærarane (1992-97) fekk studentane presentert eit opplegg frå den vidaregåande skulen i Kirkwall, Orknøyane, der det er sett av tre veker til innføring, informasjon og ”gjere seg kjend”-besøk i biblioteket i byrjinga av kvart skuleår. Metoden har progresjon for kvart påbyggingsår og er og knytt opp til skularbeidet gjennom skuleåret. University of Northumbria, der fylkesbiblioteket har gode faglege kontaktar, kjører innføringskurs i alle fasilitetar som gjeld studiar og læringsarbeid, med ei rekkje informasjonsmateriell om bibliotektenesta, It-verkstader og bruk av IKT-verkty, som studentane må ta i bruk. I Noreg er det utarbeidd mange forslag til opplæring i bibliotekbruk, også for vidaregåande skule. Slike opplegg må stadig oppdaterast og justerast til situasjon. Organisert

brukeropplæring bør tilby ”bli kjend-besøk”, opplæring i klasser og grupper, individuell opplæring, og ad-hoc-opplæring knytt til konkrete oppgaver. Evaluering av korleis eleven taklar kunnskapsinnhenting og val av kjelder bør leggjast inn i alt arbeid som krev slike metodar.

Korleis samlingane er organiserte og blir presenterte i det fysiske og virtuelle bibliotekrommet, høyrer til meir uformelle former for brukeropplæring, men er og viktige sider ved tilgjenge. Ulike lesestimuleringstiltak høyrer med til biblioteket sine formidlingsoppgaver.

Utfordringar:

- å gjere skulebiblioteka i stand til å gi elevane studiekompetanse og personleg vekst gjennom nærleik til informasjons- og kunnskapskjelder og aktiv litteraturformidling.
- å gjere skulebiblioteket i stand til å spele ei sentral rolle i differensierte og tilpassa opplæringsprogram
- å utvikle skulebiblioteket som reiskap for å utnytte moderne informasjonsteknologi i læringsarbeidet – frå avgrensa samlingar til global tilgang
- å endre status frå supplement til sentral læringsarena, frå isolert tilleggsfunksjon til aktiv og inkludert undervisningsfaktor og bryte ned skilje mellom bibliotek og undervisningsrom
- tilgjengelege og kompetente rettleiarar i skulebiblioteket
- bibliotek- og informasjonsopplæring knytt til læringsarbeidet
- systematisk opplæring i bruk av elektroniske kunnskapskjelder (elevar og lærarar)
- innarbeide program for evaluering av kunnskapskjelder og kjeldekritikk
- å styrkje lesekompetansen gjennom program for leselyst og leseglede

2.5 Nøkkeltal

Skulestatistikk 2002.

Statistikk for 2003 blir levert i februar og bearbeida og publisert av ABM til hausten. Difor tek vi utgangspunkt i tala frå 2002. Det er lite som tyder på at det kan bli større endringar for det siste året.

Tabell 1: Nøkkeltal for skulebibliotekverksemda 2002. Alle tal er pr elev pr år.			
	1	2	3
	Hordaland	Landsgj.snitt u/Oslo	Landsgj.snitt m/Oslo
Rekneskap media	162,86	208,43	202,37
Bøker, tilvekst	0,49	1,01	0,96
Bøker, bestand	10,69	15,73	15,26
Total bestand (bøker o.a. media)	16,86	19,68	19
Utlån bøker	1,91	4,15	4,06
Utlån totalt (bøker o.a. media)	2,21	4,64	4,51
Besøk	10,03	24,35	23,42
Fjernlån (innlån)	0	0,11	0,10
Bibliotekartimar	0,11	2,30	2,37
PC-ar m/Internett-tilgang	0,25 1 PC pr 4 elevar	Ikkje med i statistikkprogrammet	Ikkje med i statistikkprogrammet

Tabell 2. Nøkkeltal for Hordaland – gjennomsnitt, samt skolar med høgaste og lågaste plassering på statistikken. Alle tal er pr elev pr år.

	1	2	3
	Hordaland	Høgaste plassering	Lågaste plassering
Rekneskap media	(nr 14) 162,86	523,12	100,39
Bøker, bestand	(nr 17) 10,69	33,33	9,98
Utlån totalt	(nr 17) 2,21	10,16	1,72
Bibliotekartimar	(nr 19) 0,11	5,42	0,11

Tabell 1 viser utdrag frå skulebibliotekstatistikken for 2002, der vi samanliknar tal for Hordaland med landsgjennomsnittet med og utan Oslo. Bildet av stoda i Hordaland er gjennomgåande negativt, men ikkje eintydig dårlegast av alle. Kvar skule i Hordaland brukar om lag 80% av landsgjennomsnittet til media. For pengane får ein litt under ei halv bok til kvar elev. Det er like viktig å samanlikne tala med anbefalte normer for mediebestand og budsjett. Tabell 3 som er presentert i avsnittet om mediebestand og budsjett (s.19), gir eit heilt anna bilete av korleis samlingane på skulebiblioteka bør vere og utviklast for å kunne gi fullgod sørvis.

Det verkar som om skuleleiingane er positive til skulebiblioteket som støttfunksjon, og at ein ønskjer å involvere biblioteket sterkare i læringsarbeidet. Dette syner seg mellom anna ved at fleire skular brukar av eigne ressursar til å gi bibliotekaren eit visst timetal, når nytt IKT-utstyr skal plasserast og å prioritere opprusting av biblioteklokalet når anna ombygging skjer. Her er det likevel store forskjellar. Alle dei vidaregåande skulane har kjøpt og installert edb-utstyr i biblioteka til registrering av samlingane. Alle har fått installert Mikromarc1 (2003:11 skular har MM2), og mange har søkesystem i nett. 48 skular har tilgang til Internett, berre fire har opplyst at dei har katalogen tilgjengeleg også over Internett. Skulane er no i ferd med å installere Mikromarc2, som er ein windows-basert, oppgradert versjon og difor opnar for tilgang i heile nettverket. Med MM2 vil det vere mogleg å drifte alle skulemaskinane frå ein felles server.

Med den knappe tida bibliotekarane har til rådvelde, er det svært avgrensa kor mykje rettleiing og opplæring dei kan tilbyde. Det meste av tida går til praktiske driftsoppgåver. Fleire skular har ope biblioteket heile skuledagen, i periodar utan bemanning og med sjølvbetening. Bruk av elevvaktar er ikkje vanleg.

Tabell 3 synleggjer forskjellane mellom Hordaland og andre fylkeskommunar.

Tabell 3: Samanlikningstal statistikk 2002								
Fylke	Rekneskap medium pr elev	Tilvekst bøker pr elev	Bestand bøker pr elev	Bestand medium pr elev	Utlån bøker pr elev	Totalt utlån pr elev	Besøk pr elev	Bibliotekartimar pr skule pr veke
Finnmark	kr 523	2,62	33,33	42,09	7,59	10,16	163,71	26,55
Akershus	kr 246	1,02	18,15	23,44	5,14	5,77	37,70	36,31
Østfold	kr 218	0,98	12,95	16,74	3,94	4,08	30,57	42,77
Møre og Romsdal	kr 146	0,49	16,68	19,46	1,62	1,72	8,63	9,85
Sogn og Fjordane	kr 193	0,92	12,40	14,91	1,64	1,74	11,64	9,26
Rogaland	kr 161	1,12	10,56	13,03	4,58	4,76	15,46	18,60
Hordaland	kr 163	0,49	10,69	16,86	1,91	2,21	10,03	0,69

Rekneskapstala for Hordaland tyder på at skulane kjøper fleire AV-medium enn bøker. Bestandstala for Hordaland er under ein tredjedel av Finnmark, men er på same nivå som Rogaland. Det er særleg

bemanninga, bibliotekartimane, som plasserer Hordaland på jumboplass. Tabellen viser tydeleg godt samsvar mellom gode personalressursar og aktivitetar, både utlån og besøk. Sjå og tabell 2.

Utfordringar:

- aktuelle samlingar i papir- og elektroniske former med dei hjelpemidla som trengst
- store nok, innbydande og trivelege biblioteklokale, sentralt plassert i skuleanlegget
- å gjere skulebiblioteket til ein frontregion og eit bakrom, både fysisk og virtuelt
- opne og tilgjengelege skulebibliotek etter lokale behov og minimum heile skuledagen
- å syte for/ruste opp teknologisk utstyr på skulane: fleire Pc-ar, trådløs tilgang, intern og ekstern oppkopling alle stader der læring skjer, betre og meir utstyr i skulebiblioteka

2.6 Spørjeundersøkinga oktober 2003

Evalueringsrapporten for skulebibliotekprosjektet 1987-1997 gir eit godt bilete av stoda etter ein aktiv periode med stor innsats og prioritering av feltet. Dei årlege statistikkrapportane gir mykje verdifull informasjon om faktiske forhold, men statistikkskjemaet er mangelfullt på fleire punkt som kan oppsummerast til "skulebiblioteket som pedagogisk ressurs". Det blir spurt om areal, men ikkje om plassering i skulebygget eller om biblioteket får disponere andre læringsareal, om biblioteket har EDB-katalog, men ikkje om denne er tilgjengeleg i nettverk, om brukaropplæring føregår, men ikkje korleis eller om innhaldet. Statistikken gir heller ingen svar på korleis brukarane opplever bibliotekenestene på skulen. Det kunne vere av interesse for ei ny satsing å undersøke kva for holdningar skulesamfunnet har til biblioteket. Difor blei det hausten 2003 gjort ei spørjeundersøking på seks skular med ulik storleik, undervisningstilbod og geografisk plassering. Oppsummering av svarea med analyse er lagt ved (vedlegg 2). Spørsmåla var retta mot skuleadministrasjon, lærarar, skulebibliotekarar og elevar.

Holdningane til skulebiblioteket som støttespelar i det pedagogiske arbeidet og i læringsarbeidet er svært positive. På direkte spørsmål om respondentane brukar biblioteket, svarar under halvparten av elevane positivt. Når spørsmåla blir konkretiserte til ulike former for skuleoppgåver (prosjekt, tema, særmenne m.m.) ligg positiv svarprosent mellom 52 og 76%. 65% er positive til meir rettleiing og hjelp. Få brukar biblioteket til fritidsrelaterte gjeremål. Dette harmonerer med svarea på kva dei meiner om biblioteklokalet. Alle respondentgruppene ønskjer større lokale med Internett og fleire PC-arbeidsplassar, fleire stille lese-plassar og grupperom. Likevel er det meir enn 60% som meiner at skulebiblioteket er ein triveleg plass å vere.

Undersøkinga er eit godt grunnlag for å argumentere for skulebiblioteket si rolle i læringsarbeidet. Både elevar og lærarar er einige om at dette punktet er viktig. Dei er og samstemte i at det trengs opprustingar dei fleste stader. Dei negative svarea på spørsmål om bruken av skulebiblioteket, støttar opp under dette. Det er tydeleg vanskeleg å seie noko fint om tilbod ein ikkje har eller ikkje kjenner til.

2.7 Retningsgivande normer

Dei einaste offisielle normene for mediebestand, areal og bemanning ved skulebiblioteka som finst, blei utarbeidd av Rådet for vidaregåande opplæring i 1988. Innføringa av R94 har ført til at desse normene ikkje lenger er i samsvar med dagens behov. I sine planar for utvikling av skulebiblioteka presenterer både Finnmark og Østfold fylkeskommunar standardar som byggjer på dei gamle normene, tilpassa den nye skulen. Finnmark og Østfold er dei fylka som har lagt inn mest ressursar og som har dei beste driftsresultata. Dei normene som er sette opp under, er noko endra med omsyn til den geografiske og organisatoriske skulestrukturen i Hordaland.

Mediebestand og budsjett

Mediebestanden omfattar referanselitteratur, fag- og skjønnlitteratur, film, musikk, CD-ROM, lydbøker, video o.a. Som ei følge av nye undervisningsformer har behovet for visuelle og auditive media auka. Fordelinga av mediebudsjettet mellom bøker og andre media bør vere planlagt og byggje på skulen si pedagogiske plattform. Utvikling av samlingane må ta utgangspunkt i dei faga, kurs og linjer skulen tilbyder. Ein må og ta omsyn til den nytten skulen kan ha av felles skulebibliotekressursar i fylket. Breidde i utval er naudsynt.

Eit bibliotek som enno ikkje har nådd norma for anbefalt mediastamme, vert å definere som eit bibliotek under oppbygging. I tabellen under er det sett opp forslag til progresjon (kolonne 6-7) for å nå eit minstemål (kolonne 2-5). I tabellen har ein brukt gjennomsnittleg mediepris for 1999 (Biblioteksentralen), kr 300 pr medium.

Tabell 3. Anbefalte normer for mediebestand og budsjett.

1	2	3	4	5	6	7
Tal elevar	Medie- stamme	Media pr elev	Årleg tilvekst	Ordinært budsjett	Tilvekst media under oppbygging	Budsjett under oppbygging
50	3000	60	250	kr 62 500	300	kr 75 000
100	3600	36	300	kr 75 000	360	kr 90 000
150	4200	28	350	kr 87 500	420	kr 105 000
200	4800	24	400	kr 100 000	480	kr 120 000
250	5400	22	400	kr 100 000	480	kr 120 000
300	6000	20	400	kr 100 000	480	kr 120 000
350	7000	20	400	kr 100 000	480	kr 120 000
400	7200	18	400	kr 100 000	480	kr 120 000
450	7800	17	450	kr 112 000	540	kr 135 000
500	8400	17	500	kr 125 000	600	kr 150 000
550	9000	16	550	kr 137 500	660	kr 165 000
600	9600	16	600	kr 150 000	720	kr 180 000
700	10000	14	600	kr 180 000	720	kr 216 000
800	10400	13	650	kr 195 000	760	kr 228 000
900	13200	15	900	kr 225 000	1080	kr 270 000
950	13800	15	950	kr 237 500	1140	kr 285 000
1000	14400	14	1000	kr 250 000	1200	kr 300 000
1050	15000	14	1050	kr 262 500	1260	kr 315 000

Tala i kolonne 2, 4 og 6 føreset at det blir drive aktiv samlingsutvikling. Dette vil seie kassering og årleg tilvekst. Innkjøp av klassesett er opp til skulen sine faglærarar i samarbeid med bibliotekar. Det vil vere naturleg at biblioteket føretek innkjøp, registrering, oppbevaring og utlån, sjølv om midlane til innkjøp ikkje er henta frå bibliotekbudsjettet. Abonnement på avis og tidsskrift er haldne utafor mediebudsjettet. Utgiftene her vil variere etter bruk og fagtilbod på skulen. Elevane skal ha tilgang til dagsaviser og fagtidsskrift på biblioteket.

Personalressursar

Storleiken på personalressursen må vere tilpassa arbeidsmengd og elevtal ved skulen. Bibliotekarressursen bør minimum svare til ei full stilling, med unnatak av dei aller minste skulane (Hordaland: 10 skular med mindre enn 200 elevar). Skular med elevtal på meir enn 500 bør ha tilsvarande minst to fulle bibliotekarstillingar, og skular med meir enn 1000 elevar bør ha minst tre fulle bibliotekarstillingar.

I tillegg treng alle skulebibliotek hjelp til kontortekniske og praktiske driftsoppgåver.

Areal

Retningslinjene tek utgangspunkt i ei firedeling av biblioteklokalet: hovudareal, multimedieareal, kontor og magasin. Utover dette skal det og takast omsyn til arbeidsplassar for elevane. I tillegg til sjølve biblioteklokalet må ein og rekne med eit fjernmagasin.

Ved ombygging eller nybygg må biblioteket plasserast sentralt slik at det kan vere både ein frontregion og eit bakrom, det vil seie at biblioteket skal vere lett å finne, det skal fungere som eit fellesareal og ein lett tilgjengeleg møteplass, samstundes som det skal gi høve til ro og konsentrasjon.

Hovudarealet skal dimensjonerast med utgangspunkt i total mediebestand, med plass til tidsskrift og aviser, skrankeareal med tilhøyrande funksjonar, klipparkiv og kontorteknisk utstyr som skal vere tilgjengeleg for brukarane. Der må vere plass til gruppebord og individuelle arbeidsplassar, informasjonsmateriell, utstillingar med vidare. Det må og finnast plass til IKT-utstyr i biblioteket. I tillegg bør det vere plass til at minst ei fulltalig klasse kan arbeide i hovudarealet.

Arbeidsplassar for elevane

Biblioteket skal kunne tilby skjerma arbeidsplassar for elevane. Dette kan vere i form av grupperom og stille leserom. Grupperom kan ha fleire funksjonar avhengig av behov. Dei kan fungere som små lesesalar, arbeidsrom under gruppe- og prosjektarbeid og som møterom. Talet på arbeidsplassar bør svare til minimum 1/10-1/20-del av elevtalet på skulen. Hovuddelen av plassane bør lokaliserast til grupperom. Både grupperom og stille leserom bør ha oppkopling til internt og eksternt nettverk. Når skulen innreier slike studieareal, bør ein tenkje nærleik til biblioteket.

Multimedieverkstad

I tilknytning til biblioteket bør det finnast ein IKT/multimedieverkstad. Mengd IKT-utstyr i hovudarealet er avhengig av omfang av og innhald i IKT/medieverkstaden. Ideelt sett bør verkstaden ha utstyr for kommunikasjon, informasjonssinnhenting og –tilverking og publisering av trykte og utrykte media, til dømes skannar, fargeskrivar og videokonferanseutstyr. Verkstaden bør ha ei fleksibel, trådlaus nettverksløyving med moglegheit til å kople opp inntil 15 PC-ar mot skulen sitt undervisningsnett og Internett. Trådlaus oppkopling gjev moglegheit for eit fleirfunksjonsrom som enkelt kan ommøblerast etter behov. Elevar med ulike funksjonsvanskar kan ha stor nytte av moglegheiter for trådlaus oppkopling. Dette gjeld særleg elevar med syns- og leseproblem, som ofte har personleg tilrettelagde PC-ar. Ved å tilby trådlaus oppkopling vil desse elevane vere like fleksible som elevar utan funksjonsvanskar, og dei vil kunne nytte biblioteket sine ressursar i større grad.

Kontor

Eigna kontorlokale skal stillast til disposisjon for bibliotekpersonalet. Administrativt arbeid, bestillingar, registrering, klargjering av materiell, produksjon av presentasjonar/utstillingar og førebuing av brukaropplæring/undervisning, krev ein skjerma arbeidsplass.

Magasin

Magasin bør vere lett tilgjengeleg. Storleiken vil variere etter behov. Nærmagasin må prioriterast. Her oppbevarer ein materiell som bør vere tilgjengeleg, men som ikkje skal stå i hovudarealet, slik som klasesett, berbare PC-ar, videoar og liknande.

KAP.3: Strategisk handlingsplan

Strategi 1: Modellar for gode skulebibliotek

Mål:

- * Å utvikle gode skulebibliotektenester på minimum ein skule snarast råd. Modellbiblioteket skal vere eit førebilete og ein ressurs for dei andre skulane, og verke som ei drivkraft og inspirasjon for vidare satsing i heile fylket.

I saka om igangsetting av planarbeidet blei det vist til Fylkesplanen 2001-2004 og Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005. Begge nemner oppretting av eit modellbibliotek som eit viktig, strategisk tiltak. Sidan skulefylket Hordaland har stor variasjon i skuletilbodet, kan det også vere av interesse å vise modellar for skulebibliotek i tre typiske variantar: storskulen, den mellomstore skulen og eit lite skulesamfunn.

Tiltak 1: Oppretting og utvikling av eit modellbibliotek.

For å komme i gang raskast mogleg, har arbeidslaget Kompetansefylket Hordaland og Hordaland fylkesbibliotek i samarbeid med Opplæringsavdelinga, sett i gang eit treårig prosjekt som skal gå ut skuleåret 2005-2006. Modellbiblioteket blei allokert på Os vidaregåande skule (2002: 338 elevar, 66 lærarar) frå 1.9. 2003 og starta straks med utviklingsarbeidet. Ein viktig føresetnad for val av Os vidaregåande skule har vore at skulen fekk utvida stillinga for sin fagutdanna bibliotekar til 80%. Det vil seie at ho følgjer skuleåret 100%.

Prosjektet på Os vgs. har ambisiøse mål som er skildra i prosjektplanen. Biblioteket skal representere nye driftsmåtar med vekt på virtuell læremiddel-, informasjons- og litteraturformidling og kopling til skuleveven (It's learning, Skoleportalen). Det skal fungere som eit aktivt læringscenter og studieverkstad. Skulebibliotekaren skal vere ein ressurs på informasjonskompetanse gjennom å tilby undervisning og rettleiing i søkstrategiar og kjeldekritikk for elevar og lærarar. Ho skal vere tilgjengeleg heile skuledagen og samarbeide med lærar i planlegging av undervisningsopplegg, der elevane må ta i bruk bibliotektenester. Ein berande idé med prosjektet er såleis å aktivisere og synleggjere skulebiblioteket sitt potensiale som ressurs for kvalitetssikring av læringsarbeidet på skulen. Eksterne elevar (*vaksne elevar*) skal og kunne dra nytte av biblioteket sine tenester.

Modellbiblioteket skal vere ope for besøk og vil etterkvart presentere seg på eiga heimeside på Internett. Skulebibliotekaren vil fungere som ein ressursperson også for dei andre skulebibliotekarane i Hordaland.

Kostnader investeringar og drift:

2003: kr 145 000

2004: kr 110 000

2005: kr 100 000

2006: kr 45 000

For personalkostnader, sjå prosjektplan.

Vedlegg 4: Prosjektplan med tiltak, budsjett og finansieringsplan..

Tiltak 2: Modellar for skulebibliotek i storskulen, ein middels stor skule og ein liten skule.

Mål:

* Å konkretisere/skissere utvikling av skulebiblioteka i tre ulike skular.

Desse modellane er ikkje utfyllande og er utarbeidde dels på grunnlag av standardar som dei gamle normene sette, dels på erfaringar frå mellom anna Sandefjord vgs. sitt bibliotek, omsyn til nye rammer og føringar og den faktiske situasjonen i eksempelskulane.

Storskulen med utgangspunkt i Årstad videregående skole.

Årstad vgs. er den største skulen i Hordaland, samansett av tidlegare Bergen yrkesskole og Krohnsminde vgs. frå skuleåret 2003/2004. Eit sentralt plassert og godt utbygd skulebibliotek / studieverkstad med tilstrekkeleg personale, utstyr og opningstid, kan spele ei viktig rolle som brubyggjar og sosial møteplass i den nye storskulen. Årstad er Fokusskule, og biblioteket kan vere ein viktig støttespelar i integrering av elevar med anna morsmål enn norsk. Skulen er Realkompetansesenter, og den treng difor bibliotektilbod til dei vaksne elevane. Arbeidet med utforming av eit felles bibliotek har starta. Dette skal stå ferdig i løpet av 2005. Skulen søkte om å bli vertsskule for modellbiblioteket.

Elevar:	1 360 (2002)	
Lærarar:	235 (2002)	
Fysiske føresetnader i dag:		Standard etter anbefalte normer
Bibliotekareal, storleik og lokalisering, rombehov: Bergen yrkesskole: 100 m ² Krohnsminde vgs.: 70 m ²		Hovudareal m/plass til 15 000 bøker, AV-media, tidsskrift, avis, informasjonsskranke, leseplassar, gruppebord, utstillingar: 350 m² . Ein føreset at biblioteket kan nytte PC-klasserom til undervisning.
IKT-utstyr:	6+2 PC-ar (2002)	25 PC-ar
Samlingane	ca 10 000 bøker (2002)	Aktuell og tilpassa skulen sine linjefag: 15 000 bøker + AV
Personale	2 x 25% lærarressurs (2002)	1 leiande bibliotekar i 100% stilling 2 bibliotekarar i 100% stillingar (Kan delast på fleire personar, til dømes 50% til lærarbibliotekar, 150% til fagutdanna bibliotekar)
Opningstid	18t + 24.5 t (2002)	Kl.8-15.30, minimum heile undervisningstida, ev. kveldstilbod

Ein middels stor skule med utgangspunkt i Bjørgvin videregående skole.

Skulebiblioteket ligg i 8. etg. av 9 etg. Skulen har ommøblert og rusta opp lokalet i 2003. Det er behov for større romtilhøve for prosjektarbeid med PC-ar. Skulen har planar om utviding for å supplere i høve til dette. Skulen har og behov for stille lesesal.

Skulen søkte om å bli vertsskule for modellbiblioteket.

Elevar:	500 (2002)	
Lærarar:	63 (2002)	
Fysiske føresetnader i dag		Standard etter anbefalte normer
Bibliotekareal, storleik og lokalisering, rombehov: 140 m2 (2002)		Hovudareal m/plass til 8 400 bøker, AV-media, tidsskrift, avis, informasjonsskranke, leseplassar, gruppebord, utstillingar: 200 m2 . Ein føreset at biblioteket kan nytte PC-klasserom til undervisning.
IKT-utstyr: m/skrivar, kopimaskin	6 PC-ar (2002)	15 PC-ar
Samlingane Godt utval lydbøker, videoar, DVD-ar, tidsskrift.	4 600 bøker (2002)	8 400 bøker
Personale: + lærar i 50%, for tida også sivilarbeidar.	15% lærarressurs (2002)	1 leiande bibliotekar i 100% stilling 1 bibliotekar i 100% stilling (Kan delast på til dømes 25% til lærarbibliotekar, 75% fagutdanna bibliotekar)
Opningstid: Måndag-torsdag: kl.09.00-14.00. Fredag kl.09.00-11.45		Kl.8.00-15.30, minimum heile undervisningstida

Ein mindre skule med utgangspunkt i Øystese gymnas

Øystese gymnas er eign tradisjonsrik skule med gode spesialrom, oppdatert datautstyr, multimedialab og sentralt plassert bibliotek med fleksible lokale. Skulen tilbyr bibliotekararbeid som valfag. Biblioteket står sentralt i vidare planar for utvikling av skulen.

Skulen søkte om å bli vertsskule for modellbiblioteket.

Elevar:	215	
Lærarar:	33	
Fysiske føresetnader i dag:		Standard etter anbefalte normer
Bibliotekareal, storleik og lokalisering, rombehov: 180 m2 (2002) 81 leseplassar i stille lesesal		Hovudareal m/plass til 5 400 bøker, AV-media, tidsskrift, avis, informasjonsskranke, leseplassar, gruppebord, utstillingar: 180 m2 Ein føreset at biblioteket kan nytte PC-klasserom til undervisning.
IKT-utstyr	3 PC-ar (2002)	8 PC-ar
Samlingane	2002:ca 5 000	5 400 bøker
Personale	25% lærarressurs	1 bibliotekar i 50% stilling
Opningstid	33 t, derav 9 t m/lærarressurs	Som no, men med auka bemanning

Strategi 2: Rettleiingsoppgåver og faglege nettverk

Mål:

* Å sikre bibliotekfagleg oppfølging og støtte for skulebibliotekarane gjennom sentrale tenester, leiging og kompetanseutvikling. Å byggje på og dele fagkompetanse og erfaringar den enkelte sit med gjennom organisering av faglege nettverk.

Tiltak 1: Skulebibliotekkoordinator

Stillingsressursen til skulebibliotekkoordinatoren aukast frå 20% til 100% frå skuleåret 2005-2006. Funksjonsstad: Hordaland fylkesbibliotek.
Prosjektstilling dei tre første åra, deretter vurdere behovet for fast oppretting.

Tiltak 2: Systemansvarleg for felles bibliotekdatabase

Stillingsressursen for systemansvarleg (30%) for biblioteksystemet MM2 står ved lag inntil ev. ny felles server er installert i Fylkeshuset. Deretter kan ein vurdere ei overføring av funksjonen til fylkesadministrasjonen med arbeidsstad knytt til IT-seksjonen, Fylkesbiblioteket eller arbeidslaget Regional IKT-utvikling. Ein må då vurdere om ressursen framleis skal vere 30%, om den skal aukast til 50%, eller om funksjonen kan leggjast til andre eksisterande stillingar.

Tiltak 3: Nettverk og ressurspersonar

Eit fagleg forum for skulebibliotekarane må kome så snart det blir oppretta større stillingar. Ein held fram med samlingar for skulebibliotekarane ein til to gongar for året, der ein tek opp aktuelle tema.

Kostnad:

Skulebibliotekkoordinator i 100%: kr 350 000-380 000. Auke: kr 287 000-317 000
Systemansvarleg i 50%: kr 182 000-210 000. Auke: kr 73 000-100 000.

Strategi 3: Sentrale fellestenester

Mål:

*Å sikre likeverdige bibliotektenester til alle elevar i vidaregåande skule i Hordaland, gjennom å ta i bruk sentrale dataløysingar og å finne og ta i bruk stordriftssfordelar.

Av fellestenester kan ein tenkje seg fleire moglege løysingar. Kva som kan gjennomførast, avhengjar av fleire faktorar, både økonomiske og organisatoriske. Forprosjektet som er presentert i vedlegg 3, tek for seg ein ny server på It-seksjonen, reservert for alle Mikromarc-biblioteka i fylket, det vil seie 18 folkebibliotek og nesten alle skulebiblioteka i vgs. Med ei slik løysing opnar det seg nye perspektiv på oppdatering, vedlikehald og gunstigare abonnementsavtalar. Investering i ny server vil kunne betale seg over tid gjennom tilbod om web-hotell-tenester til brukarar utanom Hordaland.

Det vil også vere mogleg å hente økonomisk vinst på andre fellelsløysingar. Til dømes kan ein forhandle fram gunstigare abonnementsordningar på kunnskapsdatabasar, som A-tekst, Store Norske leksikon, ordbøker, pedagogiske program og liknande, og prøve ut eit mindre tal brukarlisensar på deling som eit alternativ til eitt abonnement for kvar skole.

Tiltak 1: Felles server for skulebibliotekdatabasane (MM2)

Sentral server for bibliotekdatabasane med MM2 installert og nettverkstilgang for alle skulebiblioteka. Sentral drifting og systemansvar. Ein tenkjer seg at denne serveren kan utviklast til webhotell for interessentar utanfor Hordaland fylke.

Kostnader modell 2:

Ny server: 2004 kr 250 000 totalt, ev. kr 75 000 på Opplæringsavdelinga

Innvestering pr skule: ca kr 10 000

Årlege kostnader pr skule: kr 5 750

Opplæring og ekstern bistand: kr 100 000

(Vedlegg 3)

Finansiering:

Investeringar, programvare og drift delt på fleire avdelingar i fylkesadministrasjonen etter tal på brukarar (fylkesbiblioteket, IT-seksjonen, skulane, folkebibliotek).

Tiltak 2: Årsabonnement på kunnskapsdatabasar

Forhandle fram gunstigare tilbod om innkjøp og årsabonnement på on-line kunnskapsdatabasar enn ein har i dag..

Føreset sentral personalressurs (koordinator).

Tiltak 3: Pedagogisk programvare på felles CD-ROM-rack

Undersøkje moglegheit for å installere og drifte CD-ROM

kunnskapsdatabasar/pedagogisk programvare på CD-ROM-rack i nettverk.

Samarbeid med skulane/skulebibliotekansvarleg og Opplæringsavdelinga

Tiltak 4: Felles nettstad for alle skulebiblioteka i vgs. i Hordaland

Utvikle ei felles heimeside på Internett for skulebiblioteka i fylket under Skoleportalen, med mellom anna nyttig lenkesamling. Skal ikkje erstatte kvar skule sine egne skulebiblioteksider, men arbeide for gode standardløyisingar for skulebiblioteka sine heimesider.

Føreset sentral personalressurs (koordinator/systemansvarleg/andre).

Tiltak 5: Felles innkjøp og registrering av litteratur

Felles innkjøp og registrering av litteratur vil kunne gi økonomisk vinst.

Biblioteksentralen har tilbod om kjøp av litteratur med gunstige rabattar etter kvantum.

Føreset sentral personalressurs (koordinator).

Strategi 4: Opptrapping av skulebibliotekarressursen**Mål:**

* Å styrkje personalressursen på skulebiblioteka, slik at overordna mål om skulane som regionale læringssenter og studieverkstader kan nåast og skulebiblioteka som pedagogisk ressurs kan realiserast.

* Å opprette stillingar for skulebibliotekarar i alle vidaregåande skular i Hordaland etter ein målestokk som er fornuftig i forhold til skulestorleik og med omsyn til alternative samarbeidsmodellar

Dersom alle skulane i fylket skal ha eigne bibliotek, vil ein trengje totalt 42,2 stillingar, fordelt slik:

1 skule m/meir enn 1000 elevar:	3	stillingar
7 skular m/meir enn 500 elevar á 2 st.:	14	stillingar
15 skular m/300-499 elevar á 80% st.:	12	stillingar
11 skular m/200-299 elevar á 70% st.:	7,7	stillingar
10 skular m/100-199 elevar á 50% st.:	5	stillingar
2 skular m/under 100 elevar:	0,5	stillingar

Innan få år kjem nye skular som er haldne utanfor vårt reknestykke. Med eit lønsgjennomsnitt på kr 350 000 (dagens nivå for fagutdanna bibliotekarar m/sosiale utgifter), vil 42.2 stillingar utgjere kr 13 mill.. I dag utgjer skulebibliotekarressursen til vgs. i Hordaland om lag kr 3 mill. Behovet for friske midlar vil då vere kr 10 mill. Her tek ein ikkje stilling til korleis den enkelte skule vil organisere ressursen, om ein vel å behalde sin lærarbibliotekar, utvide denne, alternativt kombinere med 50% bibliotekarstilling, og om ein fagutdanna bibliotekar kan fungere i 50% på to skular. Dei lærarane som fungerer som skulebibliotekarar i dag, utgjer ein verdifull ressurs som skulane bør oppfordrast til å ta vare på. For å få til den best tenkjelege pedagogiske utviklinga av skulebiblioteket, vil det vere ein fordel om skulane beheld lærarbibliotekaren i tillegg til fagutdanna bibliotekar. Av omsyn til rekruttering av fagutdanna bibliotekarar, bør ein satse på flest mogleg 100% stillingar.

Dersom strategi 5, tiltak 2 blir vald, vil ein spare fleire stillingar.

Eit skulebibliotek med høg tenesteproduksjon vil trengje personale til støttfunksjonar, til dømes merkantile og praktiske oppgåver i biblioteket. Her må kvar skule sjå på moglege administrative løysingar. Det er meir og meir vanleg å involvere elevar i praktisk bibliotekarbeid.

Opptrappingsplan 2005-2010, der dei største skulane blir prioriterte først: dei fire nye storskulane med Årstad vidaregåande skole på førsteplass i 2005.

Kostnader:

2005: 4 stillingar	kr 1.4 mill.	
2006: 4 stillingar	kr 1.4 mill.	totalt kr 2.8 mill.
2007: 4 stillingar	kr 1.4 mill.	totalt kr 4.2 mill.
2008: 10 stillingar	kr 3.5 mill.	totalt kr 7.7 mill.
2009: 10 stillingar	kr 3.5 mill.	totalt kr 11.3 mill.
2010: 4 stillingar	kr 1.4 mill	totalt kr 12.7 mill

Med eit tillegg for lønsauke på 0.4% pr år, vil lønnskostnader i 2010 utgjere kr 13 mill..

Strategi 5: Samarbeidsmodellar

Mål:

* Å opprette eit kombinasjonsbibliotek mellom eit folkebibliotek og ein vidaregåande skule, leggje til rette tenestene og prøve ut optimale driftsmåtar som tek omsyn til begge biblioteka sin eigenart.

* Å greie ut alternative samarbeidsformer mellom sentrumsskulane i Bergen (Bergen handelsgymnas, Bergen Katedralskole, Tanks) og Bergen offentlege bibliotek. Modellen skal ha overføringsverdi for andre aktuelle stader i Hordaland (Kvam, Stord, Voss).

Det finst mange kombinasjonsbibliotek mellom lokale folkebibliotek og grunnskulebibliotek. I Hordaland har Radøy kommune formalisert felles lokalisering og organisering av folkebiblioteket og ungdomsskulen sitt bibliotek.. Ein kombinasjon av folkebiblioteket og vidaregåande skule er meir uvanleg. Farsund har ei slik ordning. I Hordaland har vi gode erfaringar med folkebibliotek som studieverkstad for vaksne studentar som studerer desentralt. (Nell-rapport 1 og 2). Særleg er det å få ein stad med moderne studieplassar med naudsynt datautstyr, som er tilgjengeleg på kveldstid (eigen nøkkel) og der studentane kan møtast og arbeide saman, viktig for desse studentgruppene. I tillegg kan dei få rettleiing i søkje-strategiar m.m. av bibliotekar med kompetanse i vaksenpedagogikk. Med god planlegging kan eit kombinasjonsbibliotek bli eit lokalt/regionalt lærings-senter og studieverkstad både for skulen og for alle innbyggjarane. Fordelane for skulen vil vere eit større tilfang av kunnskapskjelder og litteratur, særleg skjønnlitteratur og lengre opningstider utover ordinær skuledag. Behovet for bibliotekpersonale som kan skuleorganisasjonen og som kjenner krava til gode læringsmiljø i tillegg til folkebiblioteket si breidd i tilbod og tenester, må likevel stettast. Større stillingsressursar totalt vil gi større moglegheiter for å rekruttere bibliotekfagleg personale.

På litt lengre sikt kan kombinasjonsbibliotek vere ei god løysing i fleire kommunar i Hordaland. På kortare sikt kan dette bli aktuelt i Fitjar kommune, der dei arbeider med ny lokalisering av folkebiblioteket i Kulturhuset, der Fitjar vgs. har undervisning. Med utgangspunkt i at det her er tale om to eigarar, Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune, er det viktig å få til gode samarbeidsavtalar basert på gjensidig forståing og respekt, og som tek vare på begge verksemdene sine særlege behov. Ei samarbeidsavtale må innehalde:

- Eigaransvar
- Leigeavtale og driftskostnader bygg
- Biblioteksystem, felles database for samlingane
- Arealdisponering
- Bemanning
- Opningstider
- Mediebudsjet og samlingsutvikling
- Tenestetilbod
- Organiserte samarbeidsfora

Dei tre sentrumsskulane i Bergen, Bergen handelsgymnas, Bergen Katedralskole og Tanks vidaregåande skole, har til felles gamle og tronge skulebygg. Det har vore vanskeleg å finne passande og store nok areal til fullt utbygde skulebibliotek med gode nok samlingar. Elevane på desse skulane brukar Bergen off. bibliotek i stor grad på linje med andre individuelle brukarar. Folkebiblioteket har ikkje ressursar i dag til å leggje til rette tenestene med tanke på skulane sine behov. Verken personale eller samlingane er innretta for eit slikt formål. Ein alternativ modell kunne vere å kjøpe tenester frå folkebiblioteket i form av stillingsressursar og ev. midlar til samlingsutvikling. Dei tre skulane kunne satse på virtuelle bibliotektenester og varierte studieareal med IKT-utstyr. Skulebibliotekarane kunne bruke ressursen sin til brukaropplæring, rettleiing og samarbeid med folkebiblioteket om utvikling og tilrettelegging av tenestene. Denne løysinga vil kunne tilby betre kvalitet på skulebibliotektenestene i dei tre skulane og gi innsparing på driftskostnader.

Tiltak 1: Kartleggje interessa for kombinasjonsbibliotek mellom Fitjar folkebibliotek og Fitjar vidaregåande skule og starte eit forprosjekt med deltakarar frå aktuelle partar.

Ansvar: Hordaland fylkesbibliotek
Start forprosjekt: 2004.

Kostnad:

50% bibliotekarressurs, kr 175 000 (lagt inn i strategi 4: 2006)

Tiltak 2: Alternativ samarbeidsmodell mellom tre sentrumsskular i Bergen og Bergen off. bibliotek.

Undersøkje og implementere moglege modellar for kjøp av skulebibliotektenester frå Bergen offentlige bibliotek, i første omgang til tre vgs. i Bergen sentrum.

Greie ut overføringsverdi til andre kommunar, til dømes Kvam, Stord, Voss.

Ansvar: Kompetansefylket Hordaland og fylkesbiblioteket

Start forprosjekt: 2005. Start 2006.

Kostnad:

1 stilling kr 350 000 (lagt inn i strategi 4: 2006)

Bokbudsjett kr 200 000, sum kr 550 000

3.2 Oversikt over tiltak

Tiltak	Prioritet	Framdrift m/kostnader						
		2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Modellbiblioteket (i drift)		110 000 Finans.: Fylkesplan	100 000 Finans.: Fylkesplan					
Fast stilling frå juli 2006 lagt inn i strategi 4				(45 000)	(45 000)			
Koordinator, systemansvarleg	1							
80% auke koordinatorressursen			287 000					
20% auke ressursen til systemansvarleg			73 000					
Fellestjenester	2							
Investering ny server (finansiering delt på fleire avd.: 1/3 på Opplæringsavdelinga)			(250 000) 75 000					
Årlege kostnader totalt: Pr skule frå egne rammer:			264 500 5 750	→	→	→	→	→
Kurs		50 000	50 000					
2. Felles abonnement								
3. Sentral drifting av CD-ROM								
4. Felles heimeside								
5. Sentraliserte innkjøp og registrering								
Personalressursen 4 bibliotekarstillingar á 350 000 pr år 2005-2007 Totalt	3		1.4 mill.	1.4 mill.	1.4 mill.	.		
10 bibliotekarstillingar Totalt:						3.5 mill. 7.7 mill.		
10 bibliotekarstillingar Totalt							3.5 mill. 11.3 mill..	
4 bibliotekarstillingar Totalt								1.4 mill. 12.7 mill.
Kombinasjonsbibliotek Stillingsressurs lagt inn i strategi 4, 2005	4	Start for-prosjekt	(175 000)					
Alternative samarb.former i Bergen. Stillingsressurs lagt inn i strategi 4, 2006	5		Start for-prosjekt	(350 000) 200 000	→	→	→	→
Sum nye kostnader pr år		160 000	2.06 mill	1.6 mill.	1.4 mill.	3.5 mill.	3.5 mill.	1.4 mill.

Omgrepsforklaringar

I endeleg utgåve vil det bli forklaring på forkortingar, ord og uttrykk.

Referanseliste

- Ansvar for egen læring.* Ivar Bjørgen (1991)
Biblioteket som læringsarena med bibliotekaren som pedagog. Tove Pemmer Sætre (2001)
Ein fylkeskommune for Hordaland, Regionalpolitiske satsingsområde. HFK (2002)
Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2003-2005, tiltak 5.2 Utvikling av biblioteka i vidaregåande skole. HFK (2003)
Fylkesplan for Hordaland 2001-2004, Kap.4.5 Kunnskapsfylket Hordaland og kap. 4.6 Informasjonsteknologi i regionalt perspektiv. HFK (2001)
Gi rom for lesing. UFD (2003)
Handlingsplan for skolebibliotek i Troms 2002-2005. Troms fylkeskommune
IKT i norsk utdanning. Plan for 2000-2003. KUF
Lov om folkebibliotek (1985)
Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, m/Forskrifter (1998)
Læreplanverket for grunnskole, vidaregåande opplæring og voksenopplæring. Generell del. KUF (1993)
Notat om nye skolebygg. Svein Erik Fjeld (2003)
Plan for bibliotekstjenesten i vidaregåande skole. Østfold fylkeskommune (2001)
Opplæringsplan 1996-2008. HFK 1996.
Retningslinjer for organisering og drift av bibliotekstjenesten i vidaregåande skole i Finnmark. Finnmark fylkeskommune (1998)
Skolebiblioteket – et redskap i opplæringa. Læringscenteret 2002 (www.ls.no)
Skolebibliotekstatistikk for 2002. ABM (2003)
Skolebibliotekprosjektet for dei vidaregåande skulane i Hordaland 1987-1997. Rapport HFK (1997)
Spesialpedagogisk plan for Hordaland. HFK (2003)
Spørjeundersøkinga om skolebibliotek i Hordaland, m/kommentarar. Siri Sjursen (2003)
UNESCOs skolebibliotekmanifest
Veiledning. Bruk av skolebibliotek, Grunnskolen. Videregående opplæring. Nasjonalt læremiddelsenter (1997)

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Plan for bibliotek i vidaregåande skolar i Hordaland – oppstart av planarbeid. Saksdokument behandla i Komite for næring og utdanning 18.02.03, Fylkesutvalet 19.02.03, Fylkestinget 11.03.03.
- Vedlegg 2: Spørjeundersøkinga om skulebibliotek, oktober-november 2003. Oppsummering av svara.
- Vedlegg 3: Modellar for felles IT-løysingar
- Vedlegg 4: Prosjektplan modellbiblioteket på Os vgs.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Avd. for regional utvikling

Fylkesbiblioteket

Arkivsak 200300935
Arkivnr. 663
Saksh. Sjursen, Siri og Hanne Riese

Saksgang	Møtedato
Komite for næring og utdanning	18.02.03
Fylkesutvalet	19.02.03
Fylkestinget	11.03.03

PLAN FOR BIBLIOTEK I VIDAREGÅANDE SKULAR I HORDALAND - OPPSTART AV PLANARBEID

SAMANDRAG

I Fylkesplanen for Hordaland 2001-2004, under programområdet "Kunnskapsfylket Hordaland" og tiltak "Bruk av kunnskap" heiter eit delprosjekt "Utvikling av biblioteka i vidaregåande skule". Her er eitt av måla å få utarbeidd ein plan for biblioteka i dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Denne saka inneheld mandat og organisering av arbeidet.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkestinget vedtek å starte opp arbeid med plan for utvikling av biblioteka i vidaregåande skule
2. Komité for næring og utdanning godkjenner endeleg prosjektplan
3. Som saksordførar for planen vert..... valt
4. Planen skal bli lagt fram for fylkestinget mars 2004

Paul M. Nilsen

Svein Erik Fjeld

FYLKESRÅDMANNEN, 04. februar 2003:

1. Bakgrunn for saka

I perioden frå 1987-1997 vart det gjennomført eit ”Skulebibliotekprosjekt”, som løfta bibliotektilbodet i dei vidaregåande skulane i Hordaland både m.o.t. lokale, system og personale. Dette arbeidet bygde på ein rapport som synta at skulane i særskild grad hadde eit tilbod som kunne seiast å tilfredsstillе krava til eit skulebibliotek.

I løpet av prosjektperioden blei det ved alle dei vidaregåande skulane gitt grunnutdanning i bibliotekkunnskap til ein lærar ved skulen. Denne opplæringa var det fylkesbiblioteket som stod for. Det vart òg sett av midlar til ein fast ressurs til stilling for den læraren som fekk ansvar for biblioteket. I utgangspunktet var dette ei 20 % stilling. Ein fagutdanna bibliotekar har vore fagleg koordinator for skulebibliotekarane i tillegg til skulebibliotekarfunksjonen på eigen skule, til saman 50%.

63 lærarar har som følge av prosjektet teke kurs i grunnleggjande bibliotekkunnskap. Biblioteka ved skulane har ope mellom 6 og 17 timar i veka. Statistikk når det gjeld bruk av biblioteka er ikkje fullstendig, men tala frå 2001 syner at det er ein auke både i besøk og utlån frå 2000 til 2001.

”Opplæringsplan 1998-2008 Vidaregåande opplæring” frå juni 1998 var det framlegg om 50 % stilling for biblioteka innan år 2001. På skular med meir enn 450 elevar skulle det bli full stilling. Det er svært viktig for kvaliteten på tenestene å få til ei auke i personalressursen. Fleire fylke, til dømes Akershus, Nordland og Rogaland, har no 1-3 heiltids tilsette på skulebiblioteka. Sjå <http://www.rogaland-f.kommune.no/~biblio/> eller <http://www.bodin.vgs.no/> (Nordland).

Ei samla vurdering av situasjonen i dag er at skulebiblioteka i dei vidaregåande skulane i Hordaland har små løyvingar, mangel på personalressursar, låg formell bibliotekkompetanse og dårlege lokale. Det skal eit stort løft til før biblioteka i dei vidaregåande skulane får dei ressursane og den plassen dei treng for å kunne vere eit godt hjelpemiddel og eit stimulerande læringsmiljø for elevane.

For meir bakgrunnsinformasjon om bibliotek i dei vidaregåande skulane i Hordaland, sjå opplysningar på Biblioteknett Hordaland: <http://www.bibliotekinvest.no/vgs.htm>

2. Visjonar, mål og strategiar

Vidaregåande skule er viktig i ein regional kunnskapspolitik. Skulebiblioteka har ein sentral plass i kunnskapsutviklinga for å dyktiggjere elevane til å handtere eiga læring og mogning i eit livslangt perspektiv. Bibliotek- og informasjonskompetanse er viktige byggjesteinar som gir dyktigare studentar og meir innovative næringsutviklarar så vel som meir sjølvstendige samfunnsborgarar.

Skulebiblioteket skal vere ein inspirerande møteplass og læringsarena der teknologi er ein integrert del av læringsmiljøet, og der kultur og kunnskap er berebjelkar. Bibliotekrommet skal vere både ein frontregion og eit bakrom som gir maksimal tilgang til læringsressursar og som tek omsyn til brukarane sine ulike behov og læringspotensiale.

2.1 Strategiar

I Fylkesplanen for Hordaland 2001-2004, under programområdet ”Kunnskapsfylket Hordaland” og tiltak ”Bruk av kunnskap” heiter eit delprosjekt ”Utvikling av biblioteka i vidaregåande skule”. Her er

eitt av måla å få utarbeidd ein plan for biblioteka i dei vidaregåande skulane i Hordaland. Dessutan ønskjer ein å utvikle modellbibliotek, eitt i ein ny skule, og eitt i ein gammal skule.

Fylkesrådmannen har etablert ei prosjektgruppe som skal vurdere nærare prinsipp og funksjonskrav for ein moderne, fleksibel institusjon der bygningen er tilpassa eit skulesystem som er i endring fagleg og organisatorisk, og der ein kan løyse opp den tradisjonelle klassestrukturen, klasseundervisninga og arbeidsmåtar for lærarane. Det er også aktuelt å sjå på samarbeid og integrering med andre organisasjonar, f. eks. universitet/høgskule, bibliotek og næringsliv. Innstillinga frå prosjektgruppa vil bli implementert i planlegging av den neste vidaregåande skulen som skal byggjast i Hordaland.

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005, vedteken av fylkestinget i oktober 2002, har også med utvikling av biblioteka i vidaregåande skule som eit viktig tiltak. I tillegg til å satse på nokre modellbibliotek vil ein utvikle tenesteavtaler mellom vidaregåande skule og folkebibliotek, og arbeide for å få auka stillingane til bibliotekansvarlege på skulane til minst 50% på kvar skule. Det bør vere eit langsiktig mål å få 100% stillingsressursar per 450 elevar, slik praksis er i andre fylkeskommunar.

2. 2 Mål for planarbeidet

Arbeidet med utvikling av skulebiblioteka i Hordaland har stagnert dei siste åra, og det er naudsynt å ta eit samla grep om denne sektoren. Eit viktig steg for å utvikle skulebiblioteka og auke satsinga på desse er å vere med i planleggingsfasen for nye skular. Eit anna er å konkretisere strategiar i delmål knytt til personalressursar, samlingsutvikling, felles IKT-ressursar og skulebiblioteket som pedagogisk ressurs/læringssenter.

Planen blir utarbeidd i tre delar:

1. Kartlegging og analyse av dagens situasjon
2. Analyse av ulike modellar for utvikling av skulebiblioteka, identifisering av finansieringskjelder
3. Utarbeiding av strategisk handlingsplan for utvikling av skulebiblioteka i Hordaland

3. Oppnemning av saksordførar / Organisering av arbeidet

Fylkestinget oppnemner ein saksordførar frå Komité for næring og utdanning, og komiteén fungerer som planen si styringsgruppe.

Arbeidet med plan for utvikling av biblioteka i vidaregåande skule må vere forankra i både fylkesbiblioteket og i Opplæringsavdelinga. Det blir skipa ei arbeidsgruppe med mellom 6 og 10 personar. Deltakarane bør kome frå fylkesbiblioteket, Opplæringsavdelinga, skulane og elevorganisasjonen. Sekretariatet vil liggje i fylkesbiblioteket.

Ved oppstart av arbeidet, og ved høyring av planen vil dei vidaregåande skulane og folkebiblioteka bli trekte inn som referansegruppe.

4. Framdriftsplan

Ein tek sikte på følgjande opplegg:

- | | |
|---------------------|---|
| mars 2003: | Fylkestinget oppnemner saksordførar |
| mars 2003: | Skiping av arbeidsgruppe |
| april 2003: | Oppstartkonferanse |
| april-oktober 2003: | Arbeidsgruppa arbeider seg gjennom problemstillingane knytt til ein ny plan |
| november 2003: | Utkast til plandokument ferdig / høyring |
| 1. desember 2003: | Høyringsfrist |

nov-des 2003: Høyringskonferanse / møte
februar 2004: Ferdig plan
mars 2004: Godkjenning i fylkestinget

5. Økonomi

Kostnad for sjølve planarbeidet, møte, annonsering, høyringsrundar, trykking: kr 60.000

I "Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005" er det rekna med ein fylkeskommunal kostnad på kr. 2.000.000 for tiltaket "Utvikling av biblioteka i vidaregåande skule" i perioden 2002-2004.

6. Fylkesrådmannen sine vurderingar

Hordaland fylkeskommune har ikkje hatt ein godkjend plan for bibliotekenesta i dei vidaregåande skulane. Tenesta har vore nemnd i fylkesdelplan for bibliotek og i opplæringsplanar, men det har ikkje vore ein samla plan for verksemda.

Eg finn at det er behov for å utarbeide ein plan for bibliotekverksemda i dei vidaregåande skulane i Hordaland, og rår til at dette arbeidet blir starta opp.

Fylkestinget **11.03.03**

Torill Selsvold Nyborg sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett til desembertinget 2003."

Røysting

Selsvold Nyborg sitt forslag fekk 31 røyster (KrF, H, Frp, 2 Frp/U) og fall.
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK (11.03.03)

Som saksordførar for plan for bibliotek i vidaregåande skular vert Jannicke Haugan Larsen valt.
Planen skal bli lagt fram for fylkestinget i mars 2004.

VEDTAK (11.11.03)

Som ny saksordførar for plan for bibliotek i vidaregåande skular vert Lars Inge Bremnes valt.
Planen blir utsett til fylkestinget i juni 2004.

Spørreundersøkinga om skulebibliotek, oktober-november 2003.

Oppsummering av svara.

Spørsmål 1-5 vedrører informantane.

Seks skular spurt, derav

- 3 med under 300 elevar
- 1 med elevtal mellom 301 og 500
- 1 med elevtal mellom 751 og 1000
- 1 med meir enn 1000 elevar.
- 3 av skulane har tilbod til vaksne elevar

- 4 skular er både ålmenn- og yrkesfagleg
- 1 rein ålmennfagleg
- 1 rein yrkesfagleg

Svar frå

- 165 elevar fordelt på 91 jenter, 74 gutar
- 11 leiarar/mellomleiarar
- 28 lærarar
- 4 skulebibliotekarar

Nokre av spørsmåla er mest berekna på elevane. Svarprosenten frå elevane varierer noko frå spørsmål til spørsmål.

Spørsmål 6-13 er påstandar eller spørsmål om skulebiblioteket sin plass i skolen og læringsarbeidet.

P 6: Skulebiblioteket er viktig i undervisningsplanlegginga. (Kortform)

164 elevar har svart: 61.5% er litt einige eller heilt einige, 16.5% veit ikkje, medan 22.% er ueinige. Jentene er litt meir positive enn gutane.

20 av lærarane har svart: Bare ein er ueinig, to veit ikkje og 23 er einige. Alle leiarane og alle skulebibliotekarane er einige (ein litt einig, resten heilt einig).

P 7: Skulebiblioteket er ein viktig reiskap for lekse- og prosjektarbeid. (Kortform)

147 elevar har svart: 24% er negative eller veit ikkje, medan 76% er einige eller litt einige. Jentene er mest positive.

25 lærarar har svart: 22 er positive, medan 3 veit ikkje. Alle leiarane og skulebibliotekarane er heilt einige..

P 8: Skulebibliotekaren høyrer til det pedagogiske personalet. (Kortform)

160 elevar har svart: 23.8% er ueinige, 31.25% veit ikkje og 45% er einige eller litt einige. Jentene er mest positive, men er også i fleirtal i veit ikkje-gruppa.

26 lærarar har svart: Ein er lite einig, ein veit ikkje og 24 er litt eller heilt einige. Ein leiar veit ikkje, medan 10 er heilt einige. Alle skulebibliotekarane er heilt einige.

P 9: Skulebibliotekaren er sentral som rettleiar i informasjons- og kunnskapsinnhentinga.
(Kortform)

165 elevar har svart: Medan 22% ikkje tek stilling, er 26.7% ueinige, 51.3% er heilt eller litt einige. Jentene er klart mest positive. Blant gutane er det fleire svar i ikkje eller lite einig enn i veit ikkje-gruppa.

Av 25 lærarar er to ueinige, to veit ikkje og 21 er einige. Leiarane og skulebibliotekarane er heilt einige.

P 10: Eg brukar skulebiblioteket. (Kortform)

165 elevar har svart: 25.2% er negative, 28.2% er usikker, medan 46.6% stadfester at dei brukar biblioteket. Jentene er mest sikre og i fleirtal blant brukarane, men forskjellen utgjør 8% i jentene sin favør.

Av 26 lærarar er 13 usikre på om dei brukar biblioteket, medan 13 svarer ja Av 11 leiarar er det åtte som brukar biblioteket. Av fire skulebibliotekarar svarer to at dei er usikre og to sikre.

S 11: Kva brukar du biblioteket til?

Her er det 12 alternative svar, og respondentane kunne krysse av på så mange dei ville. Aktivitetane er lista opp litt tilfeldig. Oppsummeringa samlar svara etter skulerelatert bruk og meir fritidsrelatert bruk.

85 (52%) elevar låner fagbøker til skulearbeidet – klar overvekt av gutar.
124 (76%) elevar arbeider med prosjektarbeid – jamt mellom gutar og jenter.
46 (28%) elevar arbeider med særøving – overvekt av jenter.
49 (30%) elevar gjør lekser – meir enn dobbelt så mange jenter som gutar.
77 (47%) elevar arbeider i grupper – 25% fleire jenter enn gutar.
104 (63%) elevar brukar internett – jamt mellom gutar og jenter.

38 (23%) elevar låner bøker til fritidslesing – liten overvekt av jenter.
37 (22%) elevar lesar bøker, aviser, blad – 150% fleire gutar enn jenter.
17 (10%) elevar møter vener – nokre fleire jenter enn gutar.
39 (24%) slappar av – her er gutane i klart fleirtal.
9 (5%) elevar høyrer på musikk – dobbelt så mange gutar
8 (5%) elevar gjer andre ting – av desse seks gutar.

Lærarane, leiarane og skulebibliotekarane har også svart. Her finn vi ei klar overvekt av skulerelaterte gjeremål, medan berre nokre få brukar biblioteket til lesing, lån til fritidslesing og avslapping.

S 12: Kva for andre ting driv du med i biblioteket? (Kortform)

Svært få svar, som alle fell inn under svara i førre spørsmål.

S 13: Kva kunne du elles tenkje deg å bruke biblioteket til?

13 svar fordelt på 11 ulike ønskje:
Elevane ønskjer seg stille arbeidsrom, fleire bøker til fritidslesing, DVD og VHS, å

kunne ete og å lese meir.

Leiarane, lærarane og skulebibliotekarane ønskjer seg fleire PC-rom, fleire PC-ar, fleire grupperom, meir tid til referansearbeid og undervisning i skulebiblioteket og vidareutdanning i IKT.

Spørsmål 14-23 vedrører opningstider, biblioteklokalet og plassering i skulen, utstyr og rettleiing.

S 14: Eg ønskjer at skulebiblioteket skal vere opent heile skuledagen.

125 elevar har svart: 15.2% har svart negativt, 26.4% meiner dette er litt viktig, 58.4% svært viktig, av desse ca 50% fleire jenter enn gutar.

Ein lærar meiner dette ikkje er viktig, ein veit ikkje, 14 meiner det er litt viktig og 21 svært viktig. Alle leiarane og tre av fire skulebibliotekarar meiner det er svært viktig, og ein skulebibliotekar litt viktig.

S 15: Eg ønskjer at skulebiblioteket skal vere opent etter skuletid.

151 elevar har svart: 22.5% svarer ikkje viktig, 13.2% lite viktig, 23.8% veit ikkje, 29% meiner det er litt viktig og 11.25% svært viktig. Jentene har eit lite fleirtal både på den negative og den positive sida

Av 25 lærarar, svarer 14 positivt, sju negativt og fire veit ikkje. Åtte leiarar svarer litt viktig, medan tre reserverer seg. Skulebibliotekarane fordeler seg med ein på kvart svar.

S 16: Det betyr mykje for meg at der finst ein rettleiar som kan hjelpe meg å finne fram i skulebiblioteket.

112 elevar har svart: 35% svarer negativt, 65% positivt. Litt fleire gutar svarer negativt medan nesten ein og ein halv gong så mange jenter er sikre på at dei er einige.

23 av 25 lærarar, 10 av 12 leiarar og alle skulebibliotekarane er heilt eller litt einige.

S 17: Eg ville bruke skulebiblioteket meir om der var ein rettleiar til stades om ettermiddagen og kvelden.

111 elevar har svart: Bare 17% svarer positivt, 43% er heilt ueinige, 17% er litt ueinig og 23% reserverer seg. Jenter og gutar fordeler seg nokså likt, men dobbelt så mange jenter reserverer seg.

14 av 20 lærarar svarer negativt, ein av 12 leiarar er heilt ueinige, fem veit ikkje, og seks er litt eller heilt einige. To skulebibliotekarar har svart, der ein reserverer seg og ein er heilt einig.

P 18: Eg opplever skulebiblioteket som ein triveleg plass å vere.

150 elevar har svart: 62.7% svarer positivt, 12% negativt og 25.3% reserverer seg. Litt fleire jenter er positive, og meir enn dobbelt så mange gutar reserverer seg.

21 lærarar er einige, fem reserverer seg og to er negative. Av 12 leiarar er to negative,

tre reserverer seg og sju er positive.

P 19: Eg meiner at skulebiblioteket har fine og store nok lokale på min skule.

109 elevar har svart: 50% svarer negativt, medan 15% reserverer seg, 35% er positive. Her er det klart flest jenter som er ueinige, medan litt fleire gutar er einige.

Av 26 lærarane er 17 ueinige, medan ni er heilt eller litt einige. Av 10 leiarar er fem litt eller heilt einige, medan fem er ueinige og ein veit ikkje. To av tre skulebibliotekarar er einige, ein er heilt ueig.

P 20: Skulebiblioteket skal være sentralt plassert i skulebygget.

105 elevar har svart: 12.4% er ikkje einige, 15.2% reserverer seg, og 72.4% er litt eller heilt enige. Jentene er i klart fleirtal i gruppa einige.

10 av 11 lærarar er heilt einige, ein er lite einig. Alle skulebibliotekarane er heilt einige.

P 21: Skulebiblioteket skal ha arbeidsplassar for gruppearbeid, lekselesing og fritidslesing.

119 elevar har svart: 68% er einige, 12.6% reserverer seg og 9.4% er ueinige. Gutane utgjer 62% av totale svar og 50% av dei positive svara.

25 lærarar, 11 leiarar og fire skulebibliotekarar er heilt eller litt einige.

P 22: Skulebiblioteket skal ha PC-ar med Internett.

78 elevar har svart: 92% svarer positivt, 8% svarer negativt eller reserverer seg. Litt fleire jenter enn gutar har svart.

26 av 27 lærarar er heilt einige, alle leiarane og alle skulebibliotekarane er heilt einige.

P 23: Skulebiblioteket har for lite bøker og anna aktuelt lesestoff.

112 elevar har svart: 59% er heilt eller litt einige, 30% reserverer seg og 1% er lite eller heilt ueinig. Litt fleire gutar er negative, litt fleire jenter er positive.

21 av 27 lærarane svarer positivt, tre reserverer seg og tre er ueinige. Av 11 leiarar er åtte heilt eller litt einige, medan tre er ueinige. Tre skulebibliotekarar er ueinige.

Analyse.

Spørsmål 1-5.

Skolane:

Dei seks skulane er representative for heile fylket som har 46 skular i skuleåret 2003-2004. Av desse har over halvparten (25) inntil 300 elevar, under ein tredjedel (16) har mellom 301 og 500 elevar, to har mellom 501 og 700 elevar, to har mellom 701 og 1000 elevar og ein skule har over 1400 elevar. I vår undersøking er halvparten av skulane blant dei minste, ein i kategori middels storleik, medan ein av dei to større og den største skulen er med.

Elevane:

Elevane utgjer heile klasser av ulik storleik, og fordeler seg med 55% jenter, 45% gutar.

Administrasjon, lærarar og skulebibliotekarar.

I gruppene leiarar/mellomleiarar og lærarar er responsen god. Fire av seks bibliotekarar har svart. Ein av desse er fagutdanna bibliotekar og arbeider berre med skulebiblioteket, medan dei andre har undervisning som hovudarbeid og mellom 10 og 20% skulebibliotekarressurs. Dette gjeld og for alle dei andre skulebibliotekarane i fylket. Difor kan dei to skulebibliotekarane som manglar, finnast blant ein av dei andre kategoriane.

Spørsmål 6-13.

Punkt 6-9 er påstandar som skal gi svar på respondentane sine holdningar til skulebiblioteket og skulebibliotekaren i forhold til læringsarbeidet. Punkt 10-13 er spørsmål som kan gi svar på bruken av skulebiblioteket. Det kan vere interessant å sjå på om der er samsvar mellom den første og den andre bolken.

Elevane:

Meir enn 60% meiner at skulebiblioteket er viktig i undervisningsplanlegginga, og 45% meiner skulebibliotekaren høyrer til blant det pedagogiske personalet. Dette kan vitne om eit høgt medvit om kva rolle skulebiblioteket spelar eller bør spele i undervisnings- og læringsarbeidet, sjølv om det er relativt mange som er usikre eller som er ueinige i påstandane.

Litt under halvparten av elevane reknar seg som brukarar av skulebiblioteket, medan ein fjerdepart svarar nei, og meir enn fjerdeparten ikkje er sikre. Her kan det vere tale om at svaralternativa verkar forvirrande. Det går ikkje klart fram om spørsmålet gjeld frivillig bruk eller skulerelatert bruk. Denne veikskapen syner seg og i svara frå dei andre respondentgruppene.

Heile 76% er einige i at skulebiblioteket er ein viktig reiskap for lekse- og prosjektarbeid. Her er det godt samsvar med at 75% svarer at dei arbeider med prosjektarbeid, medan 28% arbeider med særeemne, 30% gjer lekser og ca 47% gjer gruppearbeid i biblioteket. Skulebiblioteket er for mange ein naturleg plass å vende seg når det gjeld prosjektarbeid. Når under halvparten av elevane brukar biblioteket til særeemne, lekselesing og gruppearbeid, kan det hengje saman med både opningstider, mangel på arbeidsplassar, så vel som mangel på informasjon/kunnskap og rettleiing. 52% låner fagbøker til skolearbeidet, og 63% søkjer på Internettet i biblioteket. Dette er veldig positivt, men inneber og eit forbedringspotensiale.

Det er dobbelt så mange jenter som gutar som gjer lekser i biblioteket, medan gutane er i klart fleirtal ved lån av fagbøker. Internett-bruken (63% totalt) er jamt fordelt mellom gutar og jenter. Når det gjeld lån av bøker til fritidslesing (23% totalt), er jentene i fleirtal. 22% brukar biblioteket til å lese bøker, aviser og blad, og her er gutane tre gongar så mange som jentene. Av andre meir fritidsprega syslar er det 10% som møter vener i biblioteket (flest jenter), 24% slappar av, fem % høyrer på musikk og fem % gjer andre ting (flest gutar på dei tre siste). Av dette kan vi kan lese at svært få elevar finn skulebiblioteket sitt attraktivt til fritidssyslar. Kfr svar på spørsmål 14-23.

Over halvparten av elevane er positive til skulebibliotekaren som rettleiar. Her må ein ta med i vurderinga at alle skulebibliotekarane så nær som ein, også er lærarar. Når bortimot 30% er ueinige og ca ein femtedel ikkje tek stilling, kan dette forståast utifrå manglande kjennskap hjå desse elevane til bibliotekaren/læraren frå undervisningssituasjon. Dersom biblioteket og bibliotekaren blir inkludert i læringsarbeidet, mellom anna ved å bidra som rettleiar knytt til informasjons- og kunnskapsinnhenting, vil alle elevane få høve til å bli kjende med skulebibliotekaren. Denne veikskapen kan vere av organisatorisk art, men mest sannsynleg er det eit ressurs spørsmål. For å nå alle elevane, må skulebibliotekaren vere tilgjengeleg minimum heile skuledagen.

Administrasjon, lærarar og skulebibliotekarar:

Desse gruppene er gjennomgåande 100% positivt innstilt til skulebiblioteket som ein viktig reiskap i undervisnings- og læringsarbeidet. Likeins er dei positive til skulebibliotekaren si rolle som rettleiar.

Det er ikkje overraskande at dei ønskjer seg betre utstyr og fleire arbeidsplassar i biblioteket. Det er gledeleg at dei også ønskjer ei sterkare involvering av biblioteket i undervisninga. Igjen kjem ressurs-spørsmålet fram. Fleire ønskjer seg meir kunnskap innan IKT (vidareutdanning), noko som tilstrekkeleg bibliotekarressurs vil kunne stette.

Spørsmål 14-23.

Denne bolken skal gi svar på korleis respondentane ser på det fysiske biblioteket, tilgjenge og funksjonar. Spørsmåla har form som påstandar.

Elevane:

Heile 85% meiner skulebiblioteket skal vere ope heile skuledagen, medan 40% meiner det ville vere bra med ope bibliotek etter skuletid. 65% ser det som viktig å ha ein rettleiar tilgjengeleg i biblioteket, 17% ønskjer seg ein rettleiar også etter skuletid. Desse svara tyder på ei tradisjonell holdning til biblioteket innafor den tradisjonelle skuledagen. Få ser moglegheiter til å utvide skuledagen med bibliotek- og rettleiingsteneste.

Sjølv om halvparten svarer at lokala er for dårlege, er det 63% som trivs i skulebiblioteket med jentene i fleirtal. 72% meiner skulebiblioteket bør liggje sentralt i skulebygget (flest jenter), og 68% vil ha fleire individuelle og gruppe-arbeidsplassar (flest gutar). 92% meiner at biblioteket skal ha tilgang til Internett (flest jenter!) og 59% vil ha meir bøker og anna aktuelt lesestoff. Igjen tyder svara på høgt medvit og positive holdningar hjå elevane om skulebiblioteket sine funksjonar og moglegheiter.

Administrasjon, lærarar og skulebibliotekarar:

Her er det større sprik i svara, med overvekt av positive holdningar til å få betre lokale sentralt i skulebygget, godt utstyr og aktuelle samlingar. Flest er også einige i at rettleiing knytta til skulebibliotekbruk er viktig. Men det er fleirtal i alle gruppene imot opningstider utover skuledagen, noko som ikkje er overraskande, sett frå ein arbeidstakarsynsstad.

Oppsummering:

Undersøkinga gir eit godt grunnlag for å argumentere for skulebiblioteket si rolle i læringsarbeidet og undervisningstilbodet. Stort sett er både elevar og lærarar einige i dette. Dei er og samstemte i at det trengs opprustingar dei fleste stader. Med så stor overvekt av positive holdningar til tilbodet, til tross for standarden, skulle ein tru at dette feltet inneheld eit stort potensiale for forbedring av skulebibliotektilbodet til elevar og lærarar i den vidaregåande skulen i Hordaland.

Spørreundersøking om skulebibliotek i vidaregåande skular i Hordaland.

I samband med arbeidet med "Plan for bibliotek i vidaregåande skular i Hordaland – oppstart av planarbeid" ønskjer plangruppa å vite meir om korleis skulane ser på skulebiblioteket sin funksjon i skulen generelt, og korleis ein opplever skulebiblioteket på eigen skule spesielt. For å utarbeide gode strategiar for dette utviklingsoppdraget, ber vi om at to representantar for skulen sin administrasjon, to til fem lærarar, to grupper elevar frå forskjellige klassar (å 5-10), samt skulebibliotekaren tar seg tid til å svare på spørsmåla nedanfor. Skjemaet blir sendt til sju skular. Vi ber skulebibliotekaren ta ansvar for innsamling og tilbakesending. Svara vil bli handsama anonymt.

Svarfrist 17.oktober 2003.

Med venleg helsing

Siri Sjursen
Hordaland fylkesbibliotek
"Kompetansefylket Hordaland"

Hordaland fylkesbibliotek
Postboks 7900
5020 Bergen
e-post: siri.sjursen@hordaland-
f.kommune.no

Spørsmål 1-5 skal gi seie noko om kven som svarer og kva for skule vedkommande arbeider på. Sett kryss der det passar for deg.

1. Kjønn:

- kvinne/jente
 mann/gutt
-

2. Stillingskategori:

- leiar/mellomleiar
 lærar
 elev
 skulebibliotekar
-

3. Skuleslag:

- rein ålmennfagleg
 rein yrkesfagleg
 både ålmennfagleg og yrkesfagleg
-

4. Storleik:

- 150-300 elevar
 301-500 elevar
 501-750 elevar
 751-1000 elevar
 1001- elevar
-

5. Tilbod til vaksne elevar:

- ja nei
-

Her kjem nokre påstandar om skulebiblioteket sin plass i skulen og læringsarbeidet. Les nøye igjennom påstandane og kryss av for det svaret som passar for deg.

6. Skulebiblioteket er viktig i undervisningsplanlegginga.

- ikkje einig
 lite einig
 verken einig eller ueinig
 litt einig
 heilt einig
-

7. Skulebiblioteket er ein viktig reiskap for lekse- og prosjektarbeid.

- ikkje einig
 lite einig
 verken einig eller ueinig
 litt einig
 heilt einig
-

8. Skulebibliotekaren er ein del av det pedagogiske personale.

- ikkje einig
 lite einig
 verken einig eller ueinig
 litt einig
 heilt einig
-

9. Skulebibliotekaren er sentral som rettleiar i informasjons- og kunnskapsinnhenting.

- ikkje einig
 lite einig
 verken einig eller ueinig
 litt einig
 heilt einig
-

10. Eg brukar skulebiblioteket.

- ikkje einig
 lite einig
 verken einig eller ueinig
 litt einig
 heilt einig
-

**11. Dersom du brukar skulebiblioteket i større eller mindre grad, kva gjer du der?
Her kan du krysse av for fleire svar eller alle om du vil.**

- | | |
|--|--|
| <input type="checkbox"/> låner bøker til fritidslesing | <input type="checkbox"/> driv med prosjektarbeid |
| <input type="checkbox"/> låner fagbøker til skularbeidet | <input type="checkbox"/> driv med særerne |
| <input type="checkbox"/> lesar bøker, avis eller blad | <input type="checkbox"/> brukar Internett |

- O gjer lekser
- O driv med gruppearbeid
- O høyrer på musikk

- O treffer vener
 - O slappar av
 - O anna
-

12. Dersom du gjer heilt andre ting på skulebiblioteket, ber vi om at du fortel kort kva du gjer.

13. Fortel kort kva du elles kunne tenkje deg å gjere i skulebiblioteket.

Her kjem nokre spørsmål om opningstider, biblioteklokalet og plassering i skulen, utstyr og rettleiing. No skal du berre sette eitt kryss for kvart punkt..

14. Eg ønskjer at skulebiblioteket skal vere ope heile skuledagen.

- O ikkje viktig
 - O lite viktig
 - O verken viktig eller uviktig
 - O litt viktig
 - O svært viktig
-

15. Eg ønskjer at skulebiblioteket skal vere ope etter skuletid.

- O ikkje viktig
 - O lite viktig
 - O verken viktig eller uviktig
 - O litt viktig
 - O svært viktig
-

16. Det betyr mykje for meg at der finst ein rettleiar som kan hjelpe meg å finne fram i skulebiblioteket.

- O ikkje einig
 - O lite einig
 - O verken einig eller ueinig
 - O litt einig
 - O heilt einig
-

17. Eg ville bruke skulebiblioteket meir dersom der var ein rettleiar til stades om ettermiddagen og kvelden.

- O ikkje einig
- O lite einig
- O verken einig eller ueinig
- O litt einig
- O heilt einig

18. Eg opplever skulebiblioteket som ein triveleg plass å vere.

- Ikkje einig
 - Lite einig
 - Verken einig eller ueinig
 - Litt einig
 - Heilt einig
-

19. Eg meiner at skulebiblioteket har fine og store nok lokale på min skule

- Ikkje einig
 - Lite einig
 - Verken einig eller ueinig
 - Litt einig
 - Heilt einig
-

20. Skulebiblioteket skal vere sentralt plassert i skulebygget.

- Ikkje einig
 - Lite einig
 - Verken einig eller ueinig
 - Litt einig
 - Heilt einig
-

21. Skulebiblioteket skal ha arbeidsplassar for gruppearbeid, lekselesing og fritidslesing.

- Ikkje einig
 - Lite einig
 - Verken einig eller ueinig
 - Litt einig
 - Heilt einig
-

22. Skulebiblioteket skal ha PC-ar med Internett.

- Ikkje einig
 - Lite einig
 - Verken einig eller ueinig
 - Litt einig
 - Heilt einig
-

23. Skulebiblioteket har for få bøker og anna aktuelt lesestoff.

- Ikkje einig
 - Lite einig
 - Verken einig eller ueinig
 - Litt einig
 - Heilt einig
-

Til slutt nokre påstandar om informasjon.

24. Eg veit kvar skulebiblioteket er på skulen.

- ikkje einig
 - lite einig
 - verken einig eller ueinig
 - litt einig
 - heilt einig
-

25. Eg veit kven som arbeider på skulebiblioteket.

- ikkje einig
 - lite einig
 - verken einig eller ueinig
 - litt einig
 - heilt einig
-

26. Eg veit kva skulebiblioteket har å tilby.

- ikkje einig
 - lite einig
 - verken einig eller ueinig
 - litt einig
 - heilt einig
-

27. Eg får rettleiing og hjelp i skulebiblioteket når eg treng det.

- ikkje einig
 - lite einig
 - verken einig eller ueinig
 - litt einig
 - heilt einig
-

28. Skulebiblioteket er den rette staden til opplæring i bruk av internett og kunnskapsdatabasar på CD-rom.

- ikkje einig
- lite einig
- verken einig eller ueinig
- litt einig
- heilt einig

Takk for du gav deg tid til å svare!

Prosjektnamn: Modellar for felles It-løysingar for biblioteksystem i vgs og folkebiblioteka i Hordaland. Forprosjekt.

Prosjekteigar: Opplæringsavdelinga

Prosjektleiari: Eva Mostrum

Start: des. 2003

Slutt: febr. 2004

Sluttrapport

1. Bakgrunn og grunngeving for prosjektideen

Heilt sidan skolane starta opp med elektroniske bibliotekprogram, har drift og systemhandtering vore utilfredsstillande. Temaet har vore oppe til diskusjon fleire gongar, utan at det er tatt eit samla grep. Om lag 50 skolebibliotek i vgs. i Hordaland har kjøpt og installert bibliotekprogrammet MM1, mange har den oppgraderte webbaserte versjonen, MM2. MM2 gjer det mogleg å drifte systemet frå ein felles server. Fylkesbiblioteket og 17 av folkebiblioteka i Hordaland brukar også MM2. Det er like aktuelt å tilby desse kommunane drifting frå felles server på Fylkeskommunen sin IT-seksjon.

2. Vidaregåande skular som har MM2, eller som har planar om å kjøpe.

Av dei vidaregåande skulane i Hordaland har følgande 11 skular alt kjøpt inn Mikromarc2: Sotra vgs. (begge avdelingar), Askøy vgs., Os vgs., Bjørgvin vgs., Bergen Katedralskole, Norheimsund vgs., Voss Husflidskule, Voss vgs., Laksevåg vgs., Arna Gymnas, og Odda vgs. Fleire har planar om å kjøpe men desse er dei som pr. 6. februar 2004 er registrert som MM2-kundar hjå Bibliotekenes IT-senter.

3. Tilstanden i nabofylka Rogaland og Sogn & Fjordane

I Rogaland har dei fleste vidaregåande skulane Mikromarc2 biblioteksystem med drifting på Rogaland fylkeskommune. Alle desse vidaregåande skulane har sin base på Internett. Av folkebiblioteka som har Mikromarc2 er det berre eit fåtal basen sin på Internett og desse har basen liggande på server i kommunen eller på folkebiblioteket.

I Sogn og Fjordane er det berre 4 vidaregåande skular som har sine bibliotekbasar på Internett og ingen av desse skulane har Mikromarc2. Mange av folkebiblioteka i Sogn og Fjordane har Mikromarc2. Dei fleste av desse har ikkje basen sin liggande på Internett men det er nyleg starta eit samkatalogsamarbeid i Nordfjord som gjer at fleire folkebibliotek i dette distriktet, m.a. Stryn, Eid, Gloppen og Hornindal no er i gang med eller nett har fått sine Mikromarc2-basar ut på Internett. Dette er imidlertid ei løysing der kvart bibliotek driftar sin eigen base og kun ein kopi av basen blir lagt ut på Internett frå fellesservar i Hornindal. Hordaland fylkeskommune driv alt ei slik teneste for 6 av folkebiblioteka i fylket.

4. Modellar

Vi bad om tilbud frå Bibliotekenes IT-senter (BIBITS) på to forskjellige driftsmodellar for Mikromarc2. Det vedlagt budsjettet viser ei oversikt over den økonomiske konsekvensen av dei forskjellige modellane.

Modell 1:

Drift av alle vidaregåande skular og Hordaland fylkesbibliotek sine bibliotekbasar hjå BIBITS.

Modell 2:

Drift av alle vidaregåande skular og Hordaland fylkesbibliotek sine bibliotekbasar ved Hordaland fylkeskommune sin IT-seksjon.

Denne typen drifting vil sjølvsagt nytte breibandsnettet som alt er bygd ut mellom fylkeshuset og dei vidaregåande skulane og den gjev også høve til å leige ut plass på serverar til folkebibliotek, grunnskular og andre. Det siste vil kunne gje inntekter som vi ikkje har rekna på her, men kan sjølvsagt også føre til auka investeringskostnader til serverar m.m.

Modell 2 vil gje ei investering til utstyr hjå IT-seksjonen som er ca. kr. 142 000,- inkl. mva. høgare enn Modell 1. Driftskostnadene pr. år for alle dei vidaregåande skulane og Fylkesbiblioteket til saman vil derimot bli ca. kr. 270 000,- inkl. mva. lågare ved Modell 2 enn ved Modell 1. Interne arbeidskostnader på IT-seksjonen er då ikkje rekna med og heller ikkje leigeinntekter som kan vere aktuelle ved Modell 2.

Andre modellar:

Ein kan også tenke seg ein modell der dei vidaregåande skulane i Hordaland og Hordaland fylkesbibliotek leiger plass hjå Rogaland fylkeskommune. Dette vil truleg gje investeringar på linje med ei løysing hjå BIBITS, men kanskje lågare årlege avgifter enn denne. Kvaliteten på linjene og servarkapasitet hjå Rogaland fylkeskommune vil sjølvsagt også vere ein faktor.

5. Konklusjon

Det er på ingen måte formålstenleg å halde fram med individuell drifting hjå kvar enkelt vidaregåande skule og fylkesbibliotek slik vi gjer i dag.

Av Modell 1 og 2 står Modell 2, drift hjå Hordaland fylkeskommune sin IT-seksjon fram som det klart beste alternativet, under forutsetning av at IT-seksjonen er villig til å ta på seg oppgåva. Modell 2 er også den einaste som gjev noko form for inntektspotensiale ved at Hordaland fylkeskommune kan tilby plass til andre bibliotek innan og utanfor fylket sine grenser.

Vi vil tilrå at ein arbeider vidare med å realisere Modell 2.

Dato: 06.02.2004 Prosjektleder
(Signatur)

Godkjent:

Dato: Hordaland fylkeskommune,
Opplæringsavdelinga.....
(Signatur)

Kost-nytte analyse

IT-prosjekt:	Felles It-løysingar for biblioteksystem for vidaregåande skular, fylkesbiblioteket og folkebiblioteka i Hordaland
---------------------	--

Hvem er ansvarlig for prosjektet?	Opplæringsdirektøren / Kompetans fylket Hordaland / Regional IKT-utvikling
Dokumentet er fylt ut av:	Eva Mostrøm
Dato:	19. mars 2004

Er IT-prosjektet pålagt av offentlige myndigheter?

Hvis Ja, gi informasjon om hvem som har pålagt det under hensikten med prosjektet

Ja
Opplæringsavdelinga

Hensikten med IT-prosjektet (hvorfor og for hvem). Legg eventuelt med en utfyllende prosjektbeskrivelse:

Få i gang felles drifting av alle bibliotekbasane ved dei vidaregåande skulane i Hordaland, fylkesbiblioteket (inkludert Læremiddelsamlinga ved OT/PPT) og kunne tilby plass til folkebibliotek i fylket som også nyttar Mikromarc2). Eventuelt også kunne tilby plass til vgs og folkebibliotek i nabofylka.

Førebels er prosjektet i eit forprosjektstadium der ein greier ut forskjellige modellar.

Heilt sidan skulane starta opp med elektroniske bibliotekprogram, har drift og systemhandtering vore utilfredsstillande. Om lag 50 skolebibliotek i vgs. i Hordaland har kjøpt og installert bibliotekprogrammet MM1, mange har den oppgraderte webbaserte versjonen, MM2. MM2 gjer det mogleg å drifte systemet frå ein felles server. Fylkesbiblioteket (inkludert OT/PPT si Læremiddelsamling) og 17 av folkebiblioteka i Hordaland brukar også MM2. Det er like aktuelt å tilby desse folkebiblioteka drifting frå felles server i Fylkeshuset, og ein kan også vurdere drifting for folkebibliotek i Hordaland og vidaregåande skular i andre fylke.

Beskrivelse av IT-prosjektet (hva, når og evt. hvordan):

Hausten 2004:

Innkjøp og oppsett av tjenarar, oppgradering til Mikromarc2 ved alle vgs som ikkje alt har gjort dette, installering av programvare, overføring av data frå alle deltakande vgs, fylkesbiblioteket og folkebibliotek.

Opplæring av tilsette ved skulane og driftsansvarleg ved IT-seksjonen.

Er det andre som har gjort tilsvarende prosjekter før (hvem og hva var erfaringene)?

Nei

Konsekvensene av å ikke gjennomføre IT-prosjektet (hvilke og for hvem):

Fortsatt lokal drifting ved den enkelte skule og i fylkesadministrasjonen. Kvar skule må sjølv ha kompetanse på drift av systemet. Ved fleire skular vil biblioteket si samling kun vere søkbar i biblioteket. Tjenaren på Fylkesbiblioteket må uansett skiftast ut innan kort tid, og ein må då gjere dette utan å få stordriftsfordelar. OT/PPT si læremiddelsamling er også registrert i Fylkesbiblioteket sin database og denne vil då framleis berre vere søkbar på maskiner med tilgang til fylkeskommunen sitt Intranett. Dårlegare tilbod til lærarar og elevar. Ein kan heller ikkje tilby plass til folkebiblioteka og får inga forbetring av folkebibliotektilbodet i mange små og mellomstore kommunar i høve til i dag.

Ei anna løysing kan vere drifting ved BIBITS i Oslo. Dette vil gje dei same brukarfordelane som ei drifting ved IT-seksjonen. Det er imidlertid ei løysing med høgare årlege utgifter.

Viktige forutsetningar for å lykkes med IT-prosjektet:

Økonomisk dekning.
Deltaking frå IT-seksjonen

Vurdering av mulige gevinster med prosjektet (ikke kvantifiserbare)

Bruk spørsmålene nedenfor som et utgangspunkt for å gi en overordnet vurdering av gevinstene i prosjektet (ikke kvantifiserbare gevinster).

- Hvilke overordnede gevinster vil prosjektet gi for elever/publikum/ansatte?
- Hvilke overordnede gevinster vil prosjektet gi for virksomheten?
- Hvilke overordnede gevinster vil prosjektet gi for drift av IT-løsningene?
- Annet?

Vil prosjektet

- Gi bedre tilgang til felles informasjon?
- Sikre bedre rapporteringsmuligheter?
- Gi økt kompetanse blant de ansatte?
- Gi større standardisering og forenkling i virksomhetens arbeidsprosesser?
- Gi redusert produksjonstap som følge av redusert nedetid på systemer?
- Gi bedre støttesystemer?
- Øke datasikkerheten?
- Annet?

Overordnet vurdering av prosjektets gevinster (ikke kvantifiserbare):

Alle elevar og tilsette vil få tilgang til informasjon om behaldning ved alle dei fylkeskommunale bibliotekeneingane over Internett.

Kvar enkelt skule slepp å drifte og oppgradere sitt eige biblioteksystem.

Vurdering av mulige årlige gevinster i kroner

Bruk spørsmålene nedenfor som et utgangspunkt for å gi en overordnet vurdering av gevinstene i prosjektet.

- Hvor store årlige gevinster i kroner vil prosjektet gi for virksomheten som helhet?
- Hvor store årlige gevinster i kroner vil prosjektet gi for drift og forvaltning av IT-løsningene?
- Andre gevinster?

Områder som kan gi gevinster:

- Frigitt personelltid
- Reduserte driftskostnader
- Større standardisering av arbeidsprosesser og rutiner
- Andre

Overordnet vurdering av prosjektets gevinster i kroner:

Ved drift ved Fylkeskommunen sin IT-avdeling blir kostnadene til investering ca. kr. 740 000,- noko som er ca. kr. 145 000,- høgare enn ved drifting hjå BIBITS i Oslo. Dei årlege drifts- og vedlikehaldsutgiftene blir imidlertid ca. kr. 270 000,- lågare, noko som gjer at ein fort tjener inn igjen dei høgare kostnadene ved ei høgare investering. Ved lokal drifting kan ein også tilby plass til folkebibliotek eller andre vidaregåande skular som vil måtte betale ei årleg leige.

Vurdering av kostnader knyttet til prosjektet

Bruk spørsmålene nedenfor som et utgangspunkt for å gi en overordnet vurdering av gevinstene i prosjektet.

- Hva er kostnadene for å gjennomføre prosjektet (frikjøp interne ressurser, ekstern bistand, reiser etc)?
- Hvilke investeringer må gjøres i utstyr og systemer?
- Hvilke kostnader vil påløpe i årlig drift og vedlikehold?
- Andre kostnader?

Overordnet vurdering av prosjektets kostnader:

Hva er kostnadene for å gjennomføre prosjektet (frikjøp interne ressurser, ekstern bistand, reiser etc)?

Ca. kr. 100 000,- til opplæring og ekstern bistand.

Hvilke investeringer må gjøres i utstyr og systemer?

Ca. kr. 740 000,- i investeringskostnader (inkl. ca. kr. 10 300,- ved kvar skule og ca. kr. 250 000,- til serverar ved IT-seksjonen).

Hvilke kostnader vil påløpe i årlig drift og vedlikehold?

Dei årlege avgiftene blir ca. kr. 370 000,- (ca. kr. 6 850,- pr. skule og ca. kr. 46 000,- ved fylkesadministrasjonen)

Andre kostnader:

Lønskostnader til prosjektleiar, førebels ikkje stipulert.

Vurdering av risiko i prosjektet

Bruk spørsmålene nedenfor som et utgangspunkt for å gi en overordnet vurdering av risikoen i prosjektet.

- Hvilken risiko ligger i prosjektgjennomføringen (klare mål, tidsplan, tilgang på rett kompetanse)?
- Hvilken organisatorisk risiko har prosjektet (har organisasjonen hatt vellykket gjennomføring av tilsvarende prosjekter, er mange organisatoriske enheter involvert, vil prosjektet gi høy arbeidsbelastning på deltakerne)?
- Hvilken teknologisk risiko har prosjektet (har andre fylkeskommuner innført løsninger for tilsvarende behov, skal programvaren spesialutvikles eller benyttes standardssystemer, innebærer prosjektet en kompleks datakonvertering)?
- Andre mulige risikoområder?

For de risikopunkter som er identifisert, bør eventuelle konsekvenser også kommenteres.

Overordnet vurdering av prosjektets risiko:

Dersom økonomien er på plass bør det ikke ligge for stor risiko i gjennomføringsprosessen.

Med alle dei vidaregåande skulane, fylkesbiblioteket og IT-seksjonen involvert kan det vere ein viss organisatorisk risk. Prosjektet bør ikkje gje høg arbeidsbelastning på andre enn prosjektleiar.

Så langt vi veit har andre fylkeskommunar som har gjort noko liknande valgt ei løysing med drifting hjå systemleverandør.

Teknologisk sett har ikkje prosjektet for stor risiko. Ein nyttar standardssystem og data er ikkje komplisert å konvertere.

Investeringskostnader v/Sentral drift hjå BIBITS		Investeringskostnader Fylkesbiblioteket	
Investeringskostnader pr. skule		Investeringskostnader Fylkesbiblioteket	
Oppgraderingskostnader pr. skule*	kr 4 000,00	Oppgraderingskostnader	
ICA-lisens pr. skule	kr 1 890,00	ICA-lisens	
Konvertering av data*	kr 2 370,00	Konvertering av data	
Samanslåing av database, flytting av data	kr 1 580,00	Samanslåing av database, flytting av data	
Sum	kr 9 840,00	Sum	
Mva 24%	kr 2 361,60	Mva 24%	
Total pr. skule med ein arbeidsstasjon	kr 12 201,60	Total pr. skule med ein arbeidsstasjon	
Investeringskostnader Fylkesadministrasjonen		Investeringskostnader Fylkesadministrasjonen	
ICA-lisens, 5stk á kr. 2 990,-	kr 14 950,00	ICA-lisens, 5stk á kr. 2 990,-	kr 14 950,00
Samanslåing av database, flytting av data	kr 1 580,00	Samanslåing av database, flytting av data	kr 1 580,00
Sum	kr 16 530,00	Sum	kr 16 530,00
Mva 24%	kr 3 967,20	Mva 24%	kr 3 967,20
Totalt	kr 20 497,20	Totalt	kr 20 497,20
Investeringskostnader totalt 46 skular + Fylkesbiblioteket		Investeringskostnader totalt 46 skular + Fylkesbiblioteket	
	kr 581 770,80		
* Fleire skular har alt gjort denne investeringa.			
Årlege kostnader pr. skule		Årlege kostnader pr. skule	
Bruksrett og vedlikehald Mikromarc 2	kr 5 525,00	Bruksrett og vedlikehald Mikromarc 2	kr 5 525,00
Sentral drift årleg kostnad	kr 4 383,00	Sentral drift årleg kostnad	kr 4 383,00
Sum	kr 9 908,00	Sum	kr 9 908,00
Mva 24%	kr 2 377,92	Mva 24%	kr 2 377,92
Totalt pr skule pr år	kr 12 285,92	Totalt pr skule pr år	kr 12 285,92
Årlege kostnader for Fylkesbiblioteket		Årlege kostnader for Fylkesbiblioteket	
Bruksrett og vedlikehald Mikromarc 2	kr 37 109,76	Bruksrett og vedlikehald Mikromarc 2	kr 37 109,76
Sentral drift årleg kostnad	kr 12 500,00	Sentral drift årleg kostnad	kr 12 500,00
Sum	kr 49 609,76	Sum	kr 49 609,76
Mva 24%	kr 11 906,34	Mva 24%	kr 11 906,34
Totalt pr. år	kr 61 516,10	Totalt pr. år	kr 61 516,10
Kostnader pr. år for 46 skular + Fylkesbiblioteket		Kostnader pr. år for 46 skular + Fylkesbiblioteket	
	kr 626 668,42		
Opplæringskostnader		Opplæringskostnader	
Lokalt kurs kr. 15 000,- pr. dag + reise/opph/diett	kr 80 000,00	Lokalt kurs kr. 15 000,- pr. dag + reise/opph/diett	kr 80 000,00

Investering	kr 581 770,80
Årlege utgifter	kr 626 668,42
Opplæring og ekstern bistand	kr 80 000,00

Å
Opplæring og ek

Ved drift ved Fylkeskommunen sin IT-avdeling blir kostnadene til investering ca kr.142 000,- høgare enn ved drifting hjå BIBITS i Oslo. Dei årlege drifts- og vedlikehaldsutgiftene blir imidlertid ca. kr. 265 000,- lågare, noko som gjer at ein fort tjener inn igjen dei høgare kostnadene ved ei høgare investering.

Prosjektnamn: Modellbibliotek i vidaregåande skole i Hordaland

Prosjektansvarleg: Siri Sjørusen, Arbeidslaget Kompetansefylket Hordaland/Hordaland fylkesbibliotek
 Prosjektleiar: Krassimira Rynning, Os vidaregåande skule

Start: sept. 2003

Slutt: juni 2006

1. Bakgrunn og grunngeving for prosjektideen

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005 peikar på at situasjonen på skolebibliotekområdet i fylket er dominert av små løyvingar, mangel på personalressursar, låg formell bibliotekkompetanse og dårlege lokale. Det skal eit stort løft til før biblioteka i dei vidaregåande skolane får dei ressursane og den plassen dei treng for å kunne vere eit godt hjelpemiddel og eit stimulerande læringsmiljø for elevane. Det er også sett i gang eit planarbeid for utvikling av biblioteka i dei vidaregåande skolane (vedtatt i fylkestinget 11.03.03).

Skolane i Hordaland treng eit forbilde, ei drivkraft og inspirasjon for vidare satsing og prioritering av dette området, difor vil ein i dette prosjektet utvikle eit modellbibliotek i ein gammal skole.

2. Hovudmål

Modellbiblioteket skal bli eit forbilde for utvikling av biblioteka i dei vidaregåande skolane i Hordaland. Det skal representere nye driftsmåtar med vekt på virtuelle læremiddel, informasjonsformidling og kopling til skoleveven. Det skal vere eit aktivt studiesenter med tilgjengelege rettleiarar (både lærar og bibliotekar) og tilstrekkeleg IKT-utstyr, og tilby elevar og lærarar aktuell fag- og skjønnlitteratur. Biblioteket skal vere ope for besøkjande og ha opningstid minimum heile skoledagen. Skolebiblioteket skal samarbeide med folkebiblioteket og vere eit opent læringsenter for lokalmiljøet, dersom tilhøva ligg til rette for det.

3. Aktivitetar i prosjektet

1. Utveljing av modellbibliotek ut frå søknader med søknadsfrist 15.09.03:
 Kriterium for val av skole: Personalressurs, lokale, faglege tilbod (ålmenfag og yrkesfag), skolen sin storleik, sentral plassering i fylket. Plangruppa tilrår, styringsgruppa avgjerd.
2. Fysisk og teknisk tilrettelegging/ombygging av lokale:
 I samråd med alle involverte partar på skolen skal prosjektet kartleggje, analysere, konkretisere og implementere fysiske og tekniske behov. I denne prosessen må ein ta omsyn til god og innbydande innreiing for samlingane, kontor/arbeidsplassar for bibliotekpersonalet, betjeningspunkt (skranke, automatisert utlån, informasjonspunkt m.m.), arbeidsplassar for brukarane (gruppebord og individuelle lese plassar) plass for ulike utstillingar, og myldreareal (biblioteket som sosial møteplass). Det er viktig å sjå på tilgang til PC-rom (undervisningsrom), likeeins teknisk tilgang til biblioteket sine tenester i heile skolebygget.
3. Opplæring av bibliotekpersonalet:
 Løpande, aktuelle kurs-/utdanningsstilbod, avhengig av kompetansen til personalressursen på modellskolen.
4. Biblioteket sin organisatoriske plass i skolemiljøet:
 For å sikre biblioteket organisatorisk og praktisk inkludering og involvering i skolen sitt pedagogiske arbeid, skal samarbeidet mellom bibliotekar, administrasjon og pedagogisk personale formaliserast.

5. Internopplæring av elevar og lærarar:
Målet med opplæringa skal vere å overføre og utvikle informasjonskompetanse til brukarane. Bibliotekaren skal utarbeide, tilretteleggje og gjennomføre ein opplæringsplan for lærarar og elevar, tilpassa skolen sine undervisningsplanar og læringsmetodar. Dette gjeld tradisjonell bibliotekopplæring så vel som bruk av virtuelle kunnskapsdatabasar og læremiddel, søkjemotorar på Internett, kjeldekritikk m.m.
6. Samlingsutvikling:
Skolebiblioteket skal minimum kunne tilby brukarane eit breidt utval av aktuell faglitteratur innan dei faga skolen underviser i. Til skjønnlitteraturen høyrer relevant litteratur for norskfaget, og eit velkomponert utval med tanke på lesestimulering, inkludert tilrettelagt litteratur for brukarar med særlege behov. Til samlingsutvikling høyrer overvåking og formidling av kunnskapskjelder på Internettet.
7. Ta aktivt i bruk virtuelle læremiddel:
Bibliotekaren skal byggje opp ekspertise på overvåking og presentasjon av skolerelaterte informasjonsressursar på Internettet og digitale læremiddel av alle slag.
8. Opningstid:
Skolebiblioteket skal vere ope minimum heile skoledagen. Ein skal vurdere internatelevar og eksterne elevar sine behov for utvida opningstid. For å imøtekomme deira behov skal prosjektet søkje utradisjonelle løysingar for vakthald og betjening utover skolen si undervisningstid.
9. Informasjon, presentasjon og rettleiing til andre vidaregåande skolar i Hordaland:
Det skal utarbeidast presentasjonsmateriell i trykt og virtuell form. Alle skolane i fylket skal bli inviterte til modellbiblioteket i løpet av prosjektperioden. Modellbiblioteket skal bli presentert på ulike samlingar for tilsette i dei vidaregåande skolane i fylket.
10. Utvikle tenesteavtale med folkebiblioteket:
Prosjektet skal ta sikte på å formalisere skolebiblioteket sin bruk av folkebiblioteket i ein tenesteavtale. Folkebiblioteket må sjølv avgrense evt. utvide sine tilbod og service til skolen. Det skal leggjast særleg vekt på samarbeid om lesestimuleringstiltak og kulturtiltak, til dømes forfattarbesøk, elevbidrag som utstillingar m.m.
11. Vurdere og eventuelt opne biblioteket som læringssenter i lokalmiljøet:
Det er ønskjeleg at prosjektet kartleggjer øvrige utdanningstilbydarar i lokalmiljøet og deira behov for bibliotektenester. I denne samanheng er det viktig å avklare skolebiblioteket si rolle i forhold til folkebiblioteket.

4. Tids- og ressursplaner

Namn	Planlagt tidsbruk (vekesverk) i 2003	Planlagt tidsforbruk i heile prosjektperioden
Prosjektleiar, Krassi Rynning	20 % i 4 mnd	20% i 34 mnd.
Andre medarbeidarar	Åse Klemetsen, Ingrid Lund Eide, Stine Nordling, (gutt)	Prosjektgruppemøte etter behov. % ressurs til web-side/info.

5. Organisering - rapportering

Styringsgruppe:

Fylkesopplæringsdirektør Svein Erik Fjeld, fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt, leiar for arbeidslaget Kompetansefylket Hordaland Marianne Haaland, rektor Bjørn Birknes, rådgjevar Siri Sjørnsen, Hordaland fylkesbibliotek/Kompetansefylket Hordaland.
Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa

Prosjektansvarleg:

Rådgjevar Siri Sjørnsen, Arbeidslaget Kompetansefylket Hordaland og Hordaland fylkesbibliotek

Prosjektleiar:

Krassimira Rynning, skolebibliotekar ved Os vidaregåande skule

Prosjektgruppe:

Pedagogisk inspektør Marianne Færø, lærar Åse Klemetsen, lærar Ingrid Lund Eide, to elevlar (gut og jente) og skolebibliotekar Krassimira Rynning

6. Budsjett og finansiering

Budsjett 2003		Finansieringsplan 2003	
Art:	NOK	Kjelde:	NOK
Løn skolebibliotekar	285 000	Modellskolen	340 000
Kurs, reiser	5 000	HFK, fylkesplanen	145.000
Investeringar	115 000		
Bokbudsjett	80 000		
SUM	485 000	SUM	485 000

Budsjett for perioden 1.01.04-1.01.06 skal handsamast av styringsgruppa når modellbibliotek er vald.

Budsjett prosjekt modellbibliotek

Start 1.9.2003-11-18 Slutt

30.06.2006

	2003	2004	2005	2006
Utgifter:				
Løn	85 000	285 000	285 000	140 000
Kurs, reiser	5 000	25 000	10 000	5 000
Investeringar	115 000	40 000	40 000	10 000
Bok- og mediabudsjett	80 000	80 000	80 000	80 000
Sum				
Finansiering:				
Løn:				
Skolen	60 000	220 000	220 000	110 000
Prosjektet	25 000	65 000	65 000	30 000
Sum		285 000	285 000	140 000
Investeringar				
Skolen		10 000	10 000	10 000



Prosjektet	115 000	30 000	30 000	
Kurs, reiser				
Skolen		10 000	5 000	2 500
Prosjektet	5 000	15 000	5 000	2 500
Sum skolen				
Sum prosjektet				

7. Kritiske suksessfaktorar

- Tilstreккеlege personalressursar og kompetanseutvikling.
- Inkludering av bibliotekaren og skolebiblioteket i det pedagogiske arbeidet
- Teknisk tilrettelegging
- Økonomiske rammer
- Overføringsverdi

Dato: Prosjektleder
(Signatur)

Godkjent:

Dato: Hordaland fylkeskommune,
Opplæringsavdelinga.....
(Signatur)

..... Hordaland fylkeskommune,
Fylkesbiblioteket
(Signatur)

..... Hordaland fylkeskommune,
Arbeidslaget for kompetansefylket Hordaland
(Signatur)

..... Os vidaregåande skule
Rektor
(Signatur)

